

1997

Å R S M E L D I N G



Redaktør: Anne-Lise Thomassen

Illustrasjonar: Foto frå Aalesunds Museum

Grafisk form: Eva Christin Laska

Trykk: Falch Fargetrykk

*Forsidebildet:*

*Fire unge jenter under eit dansenummer på etter-underhaldninga i «Arbeideren» i Ålesund. Bildet er tatt kring 1920.*

*Fotograf: Johannes Sponland*

*Eigararkiv: Aalesunds Museum*

# INNLEIING

---

Norsk kulturråd har som hovudoppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrke kulturvernet og gjøre kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogleg.

Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, er eit rådgivande organ for staten i kulturspørsmål og skal ta initiativ til nye kulturtiltak.

Norsk kulturfond er ein del av statskassa og skal brukast til kunst og kulturvern. Kulturrådet fordeler midlane i Kulturfondet dels på grunnlag av dei rundt 2 000 søknadene som kjem inn kvart år, dels på område der rådet sjølv meiner det er behov for innsats.

Medlemmene av Kulturrådet er oppnemnde av regjeringa og Stortinget. Rådet består hovudsakleg av representantar for norsk kunst- og kulturliv og gir profesjonelle kunstnarar høve til å delta aktivt i kulturpolitikken. I perioden 1993-2000 er det professor Jon Bing som leier rådet.

Rådet arbeider med litteratur og tidsskrift, musikk, biletkunst og kunsthandverk, barne- og ungdomskultur, kulturvern, kulturbrygg og scenekunst. Rådet har også satsa på prosjekt innanfor kultur og næring, arkitektur og omgivnader, kultur og medium, og kultur og helse. Kulturrådet prioriterer større eingongstiltak og forsøksprosjekt som fell utanfor ordinære støtteordningar.

Kulturrådet held til i det gamle Militærhospitalet, ein freda trebygning på Grev Wedels plass midt i Oslo.

# INNHOLD

---

• Kultur på stedet! .....	5
• Et foranskutt lyn .....	7
• Disponeringa av kulturfondet .....	9
• Fotografisk kulturarv i fare .....	11
• Litteratur og tidsskrift .....	12
• Musikk .....	16
• Biletkunst og kunsthandverk .....	20
• Kulturvern .....	24
• Barne- og ungdomskultur .....	27
• Arkitektur og omgivnader .....	31
• Kulturbrygg .....	34
• Kultur og medium .....	36
• Kultur og helse .....	38
• Scenekunst .....	42
• Andre formål .....	46
• Utgreiingseininga .....	48
• Publikasjonar .....	51
• Administrasjonsutgifter .....	53
• Delegerete forvaltningsoppgåver .....	54
• Fråsegner .....	54
• Konferansar .....	57
• Prisar .....	58
• Kontakt med andre organ .....	59
• Råd, utval og administrasjon .....	60
• Liste over innkjøp og løyvingar .....	66




# Jon Bing, leiar for Norsk kulturråd KULTUR PÅ STEDET!

---

**F**or Norsk Kulturråd var 1997 spennende. Det var det første året for et nytt råd, hvor mange av de tretten medlemmene også var nye. Blant de nye finner vi rådets nestleder Khalid Salimi, kjent fra sitt arbeid som journalist og leder av Antirasistisk senter. I april tiltrådte Ole Jacob Bull som ny direktør (i Halvdan Skards permisjon). Frem til da hadde underdirektør Guri Skjeldal fungert. Det var derfor med nye medlemmer og nye ambisjoner rådet trådte sammen.

Ett av innsatsområdene rådet ønsket å styrke, var det flerkulturelle. Under ledelse av Khalid Salimi er det blitt arbeidet frem en strategi som vil bli satt ut i livet fra 1998. Men allerede før dette valgte Kulturdepartementet



prosjektet «Open scene» som et «fyrårsprosjekt». I dette prosjektet vil Det Norske Teatret åpne sin scene for flerkulturelle produksjoner, og dermed forhåpentligvis bidra til å styrke broen inn i institusjoner for skapende og utøvende kunstnere med en mangfoldig kulturell bakgrunn. Vi håper også på at dette skal åpne dørene for et like sammensatt publikum.

Norsk kulturråd understreker ofte den egenverdi som kunst og kultur har i dagens samfunn. Ikke minst i «kunnskapssamfunnet» er det viktig å fremheve kulturlivet i bygd og by som en viktig del av miljøet. Kulturrådet har store forhåpninger til den innsatsen som gjøres innenfor rammen av satsingsområdet «Kultur og helse», hvor minst én kommune fra hvert fylke deltar, og hvor de mange tiltak vil kunne munne ut i en oppslagsbok for gode ideer og videre virksomhet.

For det er ikke nok med frisk luft og vakker natur for at man skal kunne gi dem som arbeider i morgendagens kunnskapssamfunn, vekstvilkår. I lokalpolitikken må man legge vekt på at folk også i fritiden skal kunne ha et



Jon Bing, leiar for Norsk kulturråd.

Foto: Mimsy Møller

godt og rikt liv: Kulturtilbud må prioriteres (levende teater kan ikke formidles over fjernsyn, bare levende bilder), byens estetiske miljø må gis en bevisst utforming, helsetilbuddet bli kvalitativt godt osv.


Personlig tror jeg vi allerede kan spore denne utviklingen. Det vil ikke først og fremst være enkeltmennesker som på egen hånd flykter til holmer eller fjell, men bedrifter som søker å utnytte mulighetene for å danne grupper utenfor hovedkontoret. Tenk dere en annonse omrent som denne:

*Utviklingsmiljø. Vårt firma vil engasjere en gruppe på 4-6 ingeniører til utfordrende utviklingsarbeid i forbindelse med nye metoder for varsling av brann, basert på måling av karbonoksid. Vi kan dessverre ikke tilby spesielt høy lønn, men gruppen vil lokaliseres i en sørlandsby hvor man vil kunne tilby kjøp av bolig (skipperhus) innen gangavstand fra utviklingsavdelingen. Byen har et vennlig miljø, gode forhold for friluftsliv, særlig seiling og fiske. Det er barnehager og skoler innen gangavstand. Ingen trafikkproblemer, ingen nevneverdig forurensing. Hurtigbåt til Oslo ca 2 timer, lett atkomst for videre kommunikasjon til utland. Bill mrk Kultur på stedet!*

Dette lille eksemplet antyder hva som kan være en mulig utvikling over et par tiår. Rediger gjerne eksemplet så det passer for det sted du selv vil skal utvikles og bygge seg sterkere.

Kunst og kultur er ikke unødvendig pynt eller løsning på et fritidsproblem. Det er en integrert del av utviklingen i samfunnet vårt - et sterkt, levende og sunt samfunn. I en tid da budsjetter i fylker og kommuner utfordrer kultursektoren, er det viktig å fremheve at kultur ikke kan båses inn i en sektor, den er «sektorovergripende», den angår alles trivsel og mulighet til opplevelse og egen utfoldelse.

Å styrke kulturen er derfor et forebyggende helsetiltak - men selvsagt noe langt mer: Det gir levende samfunn, engasjerte mennesker og ikke bare en tryggere, men en mer spennende fremtid.



JON BING  
Leiar




Ole Jacob Bull

## NORSK KULTURRÅD - ET FORANSKUTT LYN

---

**S**ikring av kunst- og kulturfaglig kvalitet og stadig høyere grad av offentlig tilgjengelighet er helt grunnleggende i alt Norsk Kulturråd foretar seg. Det er nedfelt som prinsipper for arbeidet i administrasjon, fagutvalg og råd, og er gått hver enkelt av kulturrådets medarbeidere i blodet.

En grunnleggende tanke bak opprettelsen av denne institusjonen var at flere og flere skulle få oppleve kunst og kultur av høy kvalitet. Vi kompromisser ikke på kvaliteten, selv om vi har denne dypt demokratiske ambisjonen knyttet til vår virksomhet. Tvert imot. Uten denne forvaltningen av et kvalitetsbegrep, vil vårt kulturliv og i neste omgang vårt demokrati bli fattigere.




Innenfor Kulturfondets rammer vil vi verne og vedlikeholde, men fremfor alt stimulere det skapende og eksperimenterende. Men like viktig er det at det nye blir formidlet, at de ulike musikkformene finner hensiktsmessige spillesteder, at ikke-institusjonell dans og dramatikk blir oppført på scener som er i stand til å nå et større publikum, at nye og etablerte former innenfor billedkunsten blir presentert på dertil egnede arenaer og at leser i alle aldersgrupper møter den nye norske litteraturen på måter som oppleves som meningsfylt.

Kulturrådets ulike innkjøps- og støtteordninger tar sikte på å støtte det skapende, men også å formidle det mangfold av for-

mer som kommer til uttrykk på kunstens og kulturens område. Det arbeidet som pågikk i 1997 for å styrke arrangørkompetanse, videreutvikle formidlingsnettverk og finne frem til nye visnings- og spillesteder, vil fortsette med økt intensitet. En sentral målgruppe i dette arbeidet vil som før være barn og unge. Økt tilgang på kunst- og kulturopplevelser av alle slag er en forutsetning for at den oppvoksende slekt kan skaffe seg erfaringer som gjør dem i stand til å mestre tilværelsen i et samfunn som forhåpentligvis vil gi fantasien og kombinasjonsevnen, men også innlevelsesevnen en renessanse.


I forhold til ny teknologi ser Norsk kulturråd det som sin oppgave å representere en humaniserende impuls. Ved å utforske møtet mellom menneske, kunst og teknologi vil vi kunne

gjøre verdifulle erfaringer med overføringsverdi til andre områder av samfunnet. Kulturrådet vil videreføre de initiativ og den forsøksvirksomhet som har pågått i 1997, først og fremst der det dreier seg om å betone kunstens egenverdi, men også der hvor kunst og kultur inngår som midler i bestrebelsene på å skape et bedre samfunn. Kulturrådet ønsker å videreutvikle sin rolle som forankutt lyn i arbeidet for høy nettkvalitet og økt tilgjengelighet og ønsker å bidra aktivt til at det settes en fornuftig dagsorden for kultur-Norge mot år 2000.



OLE JACOB BULL

*Direktør*



Ole Jacob Bull, direktør i Norsk kulturråd  
Fotograf: Mimsy Møller



# DISPONERINGA AV KULTURFONDET

## HOVUDFORDELING 1997

For 1997 løyvde Stortinget 159,6 millionar kroner til Norsk kulturfond.

Ved kongeleg resolusjon 12.02.97 blei midlane fordelt på dei ulike arbeidsområda til Kulturrådet. Endeleg fordeling syner dei endelige tala etter noko omdisponering mellom avsetjingane i løpet av året.

(Tal i 1000 kr)	Avsetjing 1996	Avsetjing 1997
Litteratur		
<i>Innkjøpsordningane</i>	63 000	64 650
- <i>vaksne</i>	(20 300)	(30 000)
- <i>barn</i>	(20 900)	(21 000)
Tidsskrift	2 300	2 300
Musikk	8 000	8 000
Biletkunst/kunsthandverk	8 700	8 700
Kulturvern	12 100	12 100
Barn og ungdom	7 500	7 650
Kulturbrygg	8 800	8 800
Kultur og næring	2 000	—
Arkitektur og omgivnader	2 500	2 500
Kultur og medium	1 000	1 000
Kultur og helse	4 000	4 000
Scenekunst		
- <i>frie sceniske grupper</i>	18 300	20 100
- <i>andre tiltak scenekunst</i>	3 300	3 505
Andre formål	10 668	14 139
Utvål og utgreiingar	2 200	2 203
Administrasjon	5 100	*
SUM	159 468	159 647

Område	Talet på søknader	Samla søknadssum
Andre Formål	148	35 924 373
Arkitektur og omgivnader	61	20 552 454
Barne- og ungdomskultur	99	10 078 015
Biletkunst og kunsthandverk	356	34 125 650
Frie sceniske grupper	405	158 497 993
Kultur og helse	10	2 025 000
Kultur og medium	4	1 290 000
Kultur og næring	4	700 000
Kulturbrygg	40	30 614 040
Kulturvern	257	83 764 688
Litteratur	295	12 436 725
Musikk	350	40 000 000
Scenekunst	208	24 578 607
Tidsskrift	69	3 991 732
SUM	2306	464 879 277

\* Post 11 frå 1997

Fotografia stiller andre og til dels strengare krav til så vel oppbevaring som handtering enn mange andre typar historisk og kulturhistorisk kjeldemateriale. Den reinte fysiske sikringa er ei av dei store utfordringane i arbeidet med både eldre fotografi og fotografi av nyare dato. Utilfredsstillande oppbevaringstilhøve kan få fatale konsekvensar. På dette fotografiet er store delar av emulsjonen øydelagd, truleg på grunn av fukt. I tillegg har bildet noko avskaling i kantane. Fotografiet er frå Nordfjordeid og er datert til kring 1910.

Fotograf: Isak Isaksen Hellebust

Eigararkiv: Fylkesarkivet i Sogn & Fjordane, Fototeknisk Avdeling.



# FOTOGRAFISK KULTURARV I FARE

---

Norsk kulturråd har dei siste 25 åra vore ei viktig drivkraft i arbeidet for å ta vare på norske fotografi. I perioden 1993-96 blei det løyvd i alt kr 537 000 til eit prosjekt for å kartlegge, tilstandsvurdere og kome med framlegg til betringar av forholda i norske fotosamlingar. Prosjektet har vore ei direkte oppfølging av dei tiltaka som blei føreslått i Kulturrådet sin verneplan for fotografi frå 1992. Hovudrapporten frå Fotokonserveringsprosjektet blei ferdig i 1997 og indikerer at så mykje som ein tredjepart av den norske fotografiske kulturarven står i fare for å gå tapt for ettertida, først og fremst på grunn av utilfredsstillende oppbevaringstilhøve.

Ein reknar med at det i dag blir oppbevart i overkant av 40 millionar historiske fotografi i offentlege og private fotosamlingar i Noreg. Dette materialet representerer ein særskilt verdifulle visuell dokumentasjon av utviklinga i det norske samfunnet og livet og historia til folket vårt frå fotoapparatet kom i 1840-åra og fram til i dag. Som ein konsekvens av dei urovekkjande resultata frå det nemnde prosjektet og med tanke på oppfølging av tiltaka som er føreslått i hovudrapporten, har Kulturrådet vedteke å opprette ei arbeidsgruppe for fotobevaring.

Kulturrådet har valt å sette fokus på nettopp fotobearingsproblematikken i denne års meldinga. Vi rettar ein takk til Aalesunds Museum/Fylkesfotoarkivet i Møre & Romsdal, som har stått for både utval og utlån av det eldre fotografiske materialet som er nytta.

# LITTERATUR OG TIDSSKRIFT



1997 blei eit turbulent år for bokbransjen. Dei store bokhandlarkjedene og eit par forlag utanfor Den norske Forleggerforening freista å erobre nye marknader og opne for nye salskanalar. Bransjeavtalen for bokomsetning blei oppsagt av forlegjarane i mai, og dei to partane har eitt år på seg til å bli samde om mellom anna skuleboksalet og faste bokprisar. Norsk kulturråd har delteke i fleire møte med avtalepartane for å bli orientert om situasjonen, og vil halde kontakten for å sjå om vilkåra for bokutgivingar vil endre seg i samband med dei omstruktureringane som går føre seg.

Førebels er det lite som tyder på ein nedgang i talet på skjønnlitterære utgivingar. Som i 1996 har rådet mottøke meir enn 280 påmeldingar til vaksenbokordninga, medan talet på påmelde titlar til barne- og ungdomsbokordninga har auka noko. Endeleg titteltal kjem til å liggje føre når ankenemndene har avslutta arbeidet sitt. For å halde kostnadene så låge som mogleg blei det henta inn nye pris tilbod på distribusjonen av kulturfondbøkene. Ved årsskiftet 1997-98 har A/L Biblioteksentralen oppdraget med å setje i stand og sende ut både dei norske og dei omsette bøkene.

Innkjøp av faglitteratur for barn og unge heldt fram i 1997, og også dette året blei det endelege titteltalet 21. Ordninga har funne si form, og vurdering av søknadene går greitt. Det aukande talet på fagbøker for barn og

unge syner kor viktig det offentlege engasjementet er når det gjeld å utvikle ein eigen litterær sjanger med norske originalutgivingar. Norsk kulturråd har i fleire år sokt om å få ei tilsvarande separat ordning for omsett skjønnlitteratur for barn og unge for at forlag skal satse meir på slike bøker. Internasjonaliseringa av samfunnet må òg kunne vise seg i boktilbodet til desse aldersgruppene.

## «DEN NORSKE BILETBOKA»

Dette var tittelen på ei utgreiing som oppdragseininga BRODD ved Høgskolen i Oslo, Avdeling for bibliotekfag, gjorde for Norsk kulturråd i 1996-97. Referansegruppa, fagutvalet for litteratur i rådet og dei involverte partane arbeidde mykje med korleis ein kan gi den norske biletboka betre vilkår i konkurransen med andre medium som nyttar bilete som ein viktig ingrediens.



## LITTERATUR OG TIDSSKRIFT



Andreas Ertresvåg (d. 1928), eller «Storvågen» som han òg vart kalla, bonde og bygningsmann frå Haram kommune på Sunnmøre. Bildet er tatt kring 1925.  
Fotograf: Ukjent • Eigararkiv: FylkesFOTOarkivet

På bakgrunn av utgreiinga og høy-ringsrunden vedtok rådet å legge om produksjonsstøtta til biletbøker, og som ei prøverbording i tre år å opne for innkjøp av biletbøker utan nyskri-vnen tekst. Samstundes blei rapporten send til Kulturdepartementet med eit ønske om at det blir oppretta ei sær-skild innkjøpsordning for ny norsk il-lustrasjonskunst for barn, unge og vaksne. Vi vil kome attende i mel-dinga for 1998 med ei vurdering av korleis dei nye prøverbordingane har verka.

### «BLOB!»

I samband med den nordiske teiknese-rieutstillinga «Serinord», som blei vist under den internasjonale teikneserie-festivalen i Angouleme i Frankrike i ja-nuar 1997, blei også verdas første teik-

neserieopera «Blob!» skapt (libretto og teikning/scenografi v/Steffen Kverne-land, komposisjon v/Ole Henrik Moe jr.). Operaen og utstillinga vandra i dei nordiske landa og var ein del av den store litteratursatsinga i Tyskland om hausten. Kvaliteten på norske seriar held no internasjonalt nivå, og også norske dagsaviser syner interesse for å trykkje dei, anten som daglege stripser, seriar i helgevedlegg eller som føljetongar som går i kortare periodar. Sjølv om rådet ikkje gir direkte tilskott til avisseriane, er nok utviklinga her eit resultat av at serieskaparane har fått betre arbeidsvilkår dei siste åra. Rådet har hatt som mål å skape meir publisitet rundt og større etterspurnad etter nor-ske seriar, og det målet må langt på veg kunne seiast å vere nådd.

# LITTERATUR OG TIDSSKRIFT



## LITTERATUR PÅ NETTET

Norsk kulturråd fekk i 1997 dei første søknadene om støtte til forsøk med å presentere litteratur via Internett. Til no er det berre Bergen offentlege bibliotek, i samarbeid med Norsk Forfattersentrum Vestlandet, som har utforma eit prosjekt der forfattarar med bibliografi og tekst-smaksprøver blir presenterte på nettet. Biblioteket har lagt stor vekt på eit visuelt og arkitektonisk godt utforma nettbibliotek, som skal kunne tene lesarar over heile landet.

Fredrikstad bibliotek og kommune tok i 1997 initiativ til eit prosjekt med litteraturformidling i nærmiljøet, men ønskte òg at dette tilbodet skulle kun-

ne nå ut til heile landet. Med tilskott frå Statens bibliotektilsyn og Norsk kulturråd har prosjektansvarleg Aud Nordgarden Grimstad hausten 1997 reist rundt i halve landet og kåsert om og presentert dei nye prosabøkene. Ho er leiar for Kulturrådet sitt vurderingsutval for prosalitteratur (innkjøpsordninga for vaksne). Tilboden er gratis og gjeld eit allment publikum, men tingingane må gå gjennom det lokale folkebiblioteket. På heimesida til Fredrikstad kommune på Internett finst informasjon om prosjektet.

## TIDSSKRIFT

Fordelinga av tidsskriftstøtta har vore gjennomført etter vanleg etablert praksis.

Nye medlemmer i Tidsskriftutvalet ønskete å bruke det første arbeidsåret sitt til å setje seg inn i tidsskrifta og

støtteordninga generelt, og dei gjorde difor ikkje nokon store endringar i fordelinga av støtta i 1997 samanlikna med praksis frå tidlegare år.

Kulturtidsskriftmiljøet verkar stabilt, og det er verken stort fråfall av gamle, eller særleg tilvekst av nye tidsskrift. Tidsskrifta slit med dårlig økonomi og stor økonomisk eigeninnsats. Det er også eit stort gap mellom det tidsskrifta sokjer om, og det beløpet Kulturrådet kan løyve.

I slutten av 1997 tok tidsskriftgruppa for seg retningslinjene for støtteordninga og reviderte desse. Det skal no vere klarare kva tidsskrift som kan ta mot støtte innanfor ordninga, og kva tidsskrift som fell utanfor. Endringa tek til å gjelde frå 1998. Rådet vedtok i 1997 å redusere innkjøpsstøtta frå kjøp av 200 til 100 årsabonnement, som skal spreiaast som smaksprøver til potensielle faste abonnentar.





# LITTERATUR OG TIDSSKRIFT

## Året i tal – litteratur

<i>Avsetjing 1997</i>	kr	64 650 000
(endeleg fordeling	kr	64 465 657)
(endeleg fordeling 1996	kr	63 807 884)
<i>Tal på søknader</i>		295
(1996		265)
<i>Samla søknadssum</i>	kr	12 436 725
(1996	kr	14 879 000)

## Midlane blei nytta slik

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for voksne	kr	30 000 000
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge	kr	21 000 000
Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur	kr	4 000 000
Innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur for barn og unge	kr	3 300 000
Kunstnarleg illustrerte barnebøker	kr	800 000
Teikneseriar	kr	650 000
Andre tiltak barnelitteratur	kr	900 000
Klassikarstøtte	kr	600 000
Nynorsk litteratur	kr	1 350 000
Omsetjarbonus	kr	450 000
Andre litteraturtiltak	kr	1 600 000
Til saman	kr	64 650 000

Sjå elles liste over løyvingar og innkjøp bak i årsmeldinga.

## Året i tal – tidsskrift

<i>Avsetjing 1997</i>	kr	2 300 000
(1996	kr	2 300 000)
<i>Tal på søknader</i>		69
(1996		89)
<i>Samla søknadssum</i>	kr	3 991 732
(1996	kr	6 379 746)

Sjå elles liste over løyvingar bak i  
årsmeldinga.

# MUSIKK



Norsk kulturråds hovedmål for musikkområdet er å støtte den «skapande» delen av norsk musikkliv, og vere med på å verne den norske musikkarven og gjøre han tilgjengeleg. Kulturrådet skal stimulere til kvalitet og utvikling gjennom å støtte prosjekt og enkelttiltak som er fagleg forankra, og som er nyskapande innanfor sin sjanger.

Når forsøksprosjekt og enkelttiltak blir vurderte, blir det spesielt sett på fleirkulturelle tiltak og formidlings-tiltak for barn og unge.

Kulturrådet finansierer årleg ei mengd tingingsverk, og er oppteke av at flest mogleg får høre verka som blir komponerte. For å sikre gjenbruk av samtidsmusikken har Kulturrådet støtté ensemble som har nye verk på repertoaret, og som ønsker å utvikle den kunstnariske profilen og kvaliteten sin.

## MUSIKKENSEMBLE

I 1997 har Kulturrådet etablert ei støtteordning for musikkensemble som har synt eit potensial for drift på høgt kunstnarisk nivå, på same måte som ordninga for frie sceniske grupper. Erfaringa med søknadsrunden i år synte at 1 million kroner var altfor lite, jamvel for ei prøveordning. Kulturrådet har difor sett av 2 millionar kroner til prøveordninga for 1998. Ein slik auke vil sende eit viktig signal til løvvande styresmakter om at Kulturrådet prioriterer høgt å løyse

det musikkpolitiske problemet vi har så lenge vi manglar ei ensemblestøtteordning.

## OSLO SINFONIETTA

Evalueringa av ensemblet si verksemeld låg føre våren 1997, og var svært positiv. Ho konkluderer med at Oslo Sinfonietta er akta som eit ensemble på høgt profesjonelt internasjonalt nivå. Ensemblet er det einaste i Noreg ved sida av BIT20 ensemblet i Bergen, som dekkjer eit av dei viktigaste områda innanfor kunstmusikk i vårt hundreår, sinfonietta-repertoaret, i mellomklassen mellom kammer- og orkestermusikk. Med bakgrunn i dette løvdde Kulturrådet kr 650 000 til eit fjerde år av etableringsperioden (1998).



# MUSIKK

## SLÄTTAR FOR VANLEG FELE

Norsk folkemusikksamling sitt arbeid med prosjektet «Slätter for vanlig fele», som dekkjer dei eldste slätte-typane i heile flatfeleområdet i Noreg, er avslutta ved utgangen av 1997. Det er planlagt sju bokutgivingar i denne serien. Band 1, 2 og 3, som omfattar Oppland (2 band) og Sogn og Fjordane, er komne ut. Band 4, 5 og 6 for områda Hedmark, Møre og Romsdal og Trøndelag er enno ikkje ferdige. Rådet har til saman løyvd kr 1 090 000 over tre år til prosjektet.

## «MUSIKKDILLA»

Musikkdilla-prosjektet var ei samling musikktiltak for barn og ungdom i samarbeid med Rikskonsertane og NRK. Etter ein intern gjennomgang har Kulturrådet gjennomført ei ekstern evaluering av prosjektet. I evalueringssrapporten som låg føre

sommaren 1997, blei det gjort greie for målsetjingane og ambisjonane for prosjektet, og dei manglar ved prosjektorganiseringa som har prega resultatet av prøveprosjektet.

Med bakgrunn i konklusjonane i rapporten reknar Kulturrådet Musikkdilla-prosjektet som avslutta. Dei midlane som er att av avsetjinga til prøveprosjektet, blir omdisponerte til fonogramprosjekt for barn og unge.

## «VÅR NORSKE MUSIKKHISTORIE»

Det er meir enn 25 år sidan det sist blei skrive ei samanfattande framstilling av norsk musikkhistorie. «Vår norske musikkhistorie» vil bli ein publikasjon på fem band. Til kvart band vil det følgje med to CD-plater med musikkdøme, som skal bli ein «lydantologi». Bøkene vil bli veldig godt utstyrt med biletmaterialer som



Bilde frå eit misjonsstemne på Eide på Nordmøre 1944-45. Brørne Noralf og Gunnar Gautvik fekk prøve musikkinstrument og poserer her stolte for fotografen.

Fotograf: Peder Halaas • Eigar: Eide Sogelag, Arkiv: FylkesFOTOarkivet



# MUSIKK



speglar historia. Kulturrådet har samla løvd kr 500 000 til prosjektet over ein periode på fire år.

## NORSK JAZZFORUM/ REGIONALE JAZZSENTER

Etablering av regionale jazzsenter og eit nytt Norsk Jazzforum har lenge vore ei viktig sak i jazzmiljøet.

Kulturrådet har ikkje sett det som si oppgåve å finansiere drifta av desse.

Kulturrådet har i si høyningsfråsegn til rapporten «Improvisasjon sett i system» - om etablering av Norsk Jazzforum stilt seg bak målsetjingane om å kome fram til tiltak som kan betre situasjonen for norsk jazz.

Jazzsjangeren har til no blitt behandla svært forskjellig frå andre musikkformer på høgt nivå.

Rådet løvd kr 250 000 til arrangørutvikling til kvar av dei fire nyestabliserte regionale jazzsentra (til saman 1 million kroner). Kulturrådet ville no prioritere jazzsjangeren, og dessutan kom St.prp. nr. 1 (1996-97) med pålegg til rådet om å sjå nærmare på dei praktiske, økonomiske og organisatoriske sidene ved å styrke spelestader for jazz. Departementet tok det og opp i tildelingsbrevet til Kulturrådet for 1997.

## FONOGRAMSTRATEGI

Fagleg utval for kultur og medium og musikkutvalet tilrådde overfor rådet i november 1994 at det blei laga ei utgreiing av fonogramproduksjon og distribusjon i Noreg. I det låg det òg

at bruk av ny teknologi blei vurdert, særleg på distribusjonssida. Som ei orientering i saksfeltet og for å konkretisere problemstillingar nærmare utarbeidde Arvid O. Vollnes eit arbeidsnotat som er nr. 7 i rådet sin notatserie. Det låg føre ved årsskiftet 95/96. 17. juni 1996 arrangerte Kulturrådet ein dagskonferanse om fonogrambransjen, der forvaltninga og representantar for bransjen blei inviterte.

Med bakgrunn i dette og den nye teknologiske røynda løvd Kulturrådet kr 200 000 til utgreiinga «Produksjon og distribusjon av norske fonogrammer innen smale genre». Det faglege ansvaret for utgreiinga blei lagt til Institutt for medievitskap ved Universitetet i Bergen. Utgreiinga skal ligge føre i februar 1998.



# MUSIKK

## Året i tal – musikk

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 8 000 000
(1996)	kr 8 000 000)
<i>Tal på søknader</i>	350
(1996)	308)
<i>Samla søknadssum</i>	ca. kr 40 000 000
(1996)	kr 40 902 432)

## Midlane blei nytta slik:

### Tilsegn

Universitetet i Oslo - Vidareføring av arbeidet med verket «Slåtter for vanlig fele»	kr 365 000
Avsetjingar særskilt nemnde tiltak	
Plateproduksjon i eigne seriar	kr 1 500 000
Andre musikktiltak	kr 6 135 000
Til saman	kr 8 000 000

### Posten Andre Musikktiltak blei nytta slik:

Tingingsverk	kr 1 179 050
Etablering av støtteordning for musikkensemble	kr 1 340 562*
Innspelingar	kr 1 087 338
Produksjonar	kr 303 550
Andre musikktiltak	kr 2 745 062
Tverrfaglege tiltak (saker som er behandla i fleire utval)	kr 170 000

\* I denne summen inngår kr 190 562 som er løyvd til etableringa av ei støtteordning for musikkensemble på eit høgt kunstnarisk nivå. Medrekna tilsegna på kr 1 809 438 er det løyvd 2 millionar kroner til etableringa av ensemblestøtta for 1998.

Sjå elles liste over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga.



# BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK



Midlane er stort sett nytta innanfor det same mønsteret som tidlegare år. Rådet har i tråd med signala i nasjonal plan for formidling av biletkunst og kunsthandverk lagt vekt på å ha ei rommeleg avsetjing til utstillinger og anna formidling av biletkunst, kunsthandverk og kunstnarleg fotografi. Slik kan både nye kunstnarlege uttrykk og tradisjonsberande uttrykk kome eit størst mogleg publikum til gode, og nye måtar for formidling kan bli prøvde ut. Det har vore ein stor auke i talet på innkomne søknader (frå 265 til 362), og rådet har funne det naudsynt å framleis prioritere midlane strengt. Rådet har i 1997 delegert avgjerda i saker der løvyinga er mindre enn 250 000 kr, til det faglege utval for biletkunst og kunst-

handverk. Langt dei fleste søkerne kjem under denne grensa.

## UTSTILLINGAR OG PUBLIKASJONER

For å styrke direkte formidling til publikum har rådet i 1997 gitt tilskott til ca 35 utstillingar eller utstillingsretta prosjekt. Fleire av desse er vandreutstillinger, med meir enn to framningssteder. For å styrke sekundær formidling har rådet også i 1997 gitt tilskott til publikasjonar innanfor feltet og trykkjestøtte til katalogar. I 1996 er det gitt støtte til 16 publikasjonar, av desse er om lag halvparten katalogar. Her har det nye utvalet lagt seg på ei strengare linje enn tidlegare utval har gjort.

Støtte til utstyr har ikkje vore prioritert i 1997, og det er gitt tilskott i samband med berre ein søker. Rådet

har i staden løyvd midlar til eit landsdekkjande kursopplegg i utstillings teknikkar. Kursopplegget har mellom anna som mål å setje visingsstadene i stand til å bruke dei ressursane som allereie finst, på ein betre måte.

Det er gitt tilskott til kjøp av kunst til samlingar i berre ei sak. To søkerar om tilskott til kjøp av kunst frå før hundteårsskiftet er behandla under avsetjinga til kulturvern.

## KUNSTMØNSTRINGAR

Av større tiltak har Norsk kulturråd i 1997 gitt støtte til forprosjektarbeid i samband med større kunstmønstringar, som til dømes Momentum i Moss. Momentum skal gå av stabelen i mai og juni 1998. Det blei vidare løyvd større beløp til mønstringane SCREENS (med elektronisk basert biletkunst på skjerm) og Shelter, begge



# BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK

i Trondheim. Rådet har halde fram med å gi tilskott til eit treårig formidlingsprosjekt i Hedmark.

## ETTERUTDANNING FOR KUNSTNARAR

Kulturrådet skulle i 1996 ha trekt seg ut av prosjektet «Etterutdanning av kunstnere», men sidan prosessen med samanslåing av kunst- og handverks-skolane og kunstakademiet blei forseinka, makta ein ikkje å sikre ei fast forankring for etterutdanningsordninga. I styringsgruppa for prosjektet var fagleg utval representert med ein medlem, medan administrasjonen har følgt opp vidareføringa. Viktige målsetjingar for prosjektet har vore å prøve ut ulike kursmodellar og å etablere eit permanent, systematisk og landsdekkjande etterutdanningstilbod for biletkunstnarar og kunsthåndverkarar. Rådet ville difor sikre drifta av tiltaket ut 1997.

## BARN OG UNGE

Norsk kulturråd har sidan 1989 prioritert utviklings- og formidlingstiltak retta mot barn og unge. Rådet tok i 1992 initiativet til prosjektet «Pilotgallerier for barn og unge», der seks institusjonar/visingsstader over heile landet prøvde ut metodar for formidling til desse gruppene. Arbeidet med prosjektet blei følgt opp av ei eiga styringsgruppe der rådet og fagleg utval var representerte. Prosjektet blei avslutta i 1996, og som oppfølging arrangerte rådet, i samarbeid med Akershus fylkeskommune, Riksutstillingen og departementa, i april 1997 ein konferanse der Pilotgalleriprosjektet og andre formidlingstiltak støtta av Kulturrådet blei presenterte for eit fagkunnig publikum. Rådet har også i 1997 gitt støtte til prosjektet Kunsttimen, eit formidlingsprosjekt knytt til Høst-



Bilde frå kring 1925 av deltakarar på kurs i handarbeid (handgjerning) på Nesstrand bedehus i Veøy (no Molde kommune)

Fotograf: Fredrik Misjord (1865-1933) • Eigararkiv: Romsdalsmuseet

utstillingen, retta mot elevar i vidaregåande skular i Austlandsområdet. Ei av målsetjingane var å finne ut kva for rolle reiseavstand og logistikkproblem spelte i høve til formidlings-

# BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK



metoden. Ein rapport om desse erfaringane fekk òg ei mindre løyving.

## DEBUTANT- OG UTSTYRSSTØTTE

Debutantstøtteordninga er tilskott til biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar som skal ha si første offentlege separatutstilling. Det blir òg gitt tilskott til utstyr i eigne verkstader, eller gruppeverkstader, til den same gruppa kunstnarar. Forvaltninga av desse ordningane er sidan 1992 overført til Norske Billedkunstnere, Norske Kunsthåndverkere og Forbundet Frie Fotografer. Ordninga blei i 1997 evaluert saman med Kulturdepartementet si Utstillings-

stipendordning. Evalueringssrapporten er gitt ut i Kulturrådet sin notatserie

## KJØP AV SAMTIDSKUNST

Innkjøpskomiteen for samtidskunst og kunsthandverk har i oppgåve å sikre at det offentlege eig ein del kunstverk av særskild interesse innanfor biletkunst, kunsthandverk og kunstnarleg fotografi. Frå ordninga starta opp i 1968, er det kjøpt inn om lag 4000 verk. Kunstverka blir fordele til faste samlingar over ein viss minstestørleik og med ein viss standard på visings- og magasintilhøve . For tida er 18 samlingar over heile landet med på ordninga. Innkjøpa blir gjorde av ein innkjøpskomite med fire medlemmer, som saman med 26 distriktsrepresentantar syter for at ordninga er landsdekkjande. Verk som er innkjøpte i perioden 1995-97, blei viste på Norsk

kulturråds innkjøpsutstilling i mai 1997. Etter utstillinga oppnemnde rådet ein ny hovudkomité. Ordninga skal no evaluerast, og ein rapport skal liggje føre våren 1998.



# BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK



## Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	8,7 mill kr
(1996)	8,7 mill kr)
<i>Tal på søknader 1997</i>	356
(1996)	265)
<i>Samla søknadssum</i>	kr 34 125 650
(1996)	kr 21 548 974)

## Midlane blei nytta slik

### Særskilt nemnde tiltak

Saknr 96/936 Prosjekt «Støtte til debuterede billedkunstnere, kunsthåndverkere og fotografer, samt utstyrsstøtte til billedkunstnere, kunsthåndverkere og fotografer.»

5. året kr 2 293 000

Saknr 96/2483 Prosjekt «Etterutdanning for kunstnere» kr 400 000

### Avsetjingar

Innkjøpsordninga for samtidiskunst og kunsthandverk  
kr 1 245 000

### Til disposisjon:

Til disposisjon for utstillingar og andre eingongstiltak for biletkunst, kunsthandverk og fotografi, inkl. tilsegn \* kr 4 762 000

Til saman kr 8 700 000

\* Tilsegn for 1997 kr 740 000

### Posten Til disposisjon er nytta slik:

Utstillingar kr 2 400 000

Utstyr kr 70 000


Kjøp av kunst til samlingar kr 87 000

Publikasjonar kr 575 000

Andre tiltak kr 1 630 000

Sjå elles liste over løvingar og innkjøp bak i årsmeldinga.

# KULTURVERN



Norsk kulturråd har som målsetjing å verne den norske kulturarven og gjere han betre kjend og tilgjengeleg for flest mogleg. Både museumstiltak og oppgåver utanfor ansvarsområdet til musea fekk støtte. Store delar av midlane gjekk i 1997 til formidlings-tiltak og dokumentasjon, slik som utstillinger og andre former for tilgjengeleggjering.

## KYSTKULTUR

Kystkultur har vore eit særleg aktuelt tema i Kulturminneåret 1997, ei markering som hadde overskrifta «Kystlandskapet og vassvegane». Kulturvernombordet har lagt vekt på dette emnet i 1997, og Kulturrådet valde kystkultur som tema for den

fjerde årskonferansen sin, som blei arrangert i desember. Av enkelttiltak knytte til emnet kan nemnast at Hordaland fylkeskommune fekk til saman kr 450 000 i støtte, fordelt over tre år, til eit prøveprosjekt for vern. Prosjektet går ut på å vidareføre handverkstradisjonar knytte til båtbygging i fylket, i fremste rekke til «Oselvaren». Etter prøveprosjektperioden tek dei sikte på å utarbeide ein plan for framtidig organisering av fylkesbåtbyggjarar. Vidare fekk Norges Fiskarkvinnelag kr 50 000 i støtte til eit prosjekt som synleggjer kva fiskarkvinnene har hatt å seie for kysten, og fiskerinæringa i eit historisk perspektiv.

## FOTOBEVARING

Kulturrådet har i perioden 1993-96 løyvd i alt kr 537 000 til eit prosjekt for å kartlegge, tilstandsvurdere og kome med framlegg til betringar av

tilhøva i norske fotosamlingar.

Prosjektet har vore ei direkte oppfølging av dei tiltaka som blei føreslått i verneplanen for fotografi frå 1992.

Hovudrapporten frå Fotokonservatingsprosjektet blei ferdig i 1997 og indikerer at så mykje som ein tredje-part av den norske fotografiske kulturarven står i fare for å gå tapt for ettertida. Rapporten vil bli ei viktig rettensnor for dei framtidige prioriteringane rådet gjer på området. Av enkelttiltak i 1997 kan nemnast Levanger Museum, som fekk kr 200 000 i støtte til tiltak knytte til ein treårig verksemdsplan for fotobearingsarbeidet i Nord-Trøndelag.

## MUSEUM

Det store talet på søknader frå musea til ekstraordinære tiltak viser store uudekte behov. Særleg gjeld dette tiltak knytte til formidling, dokumentasjon



# KULTURVERN

---

og sikring av eigne samlingar. I 1997 støtta Kulturrådet i alt 40 tiltak som fell utanfor den ordinære drifta ved musea. Mellom anna fekk Norsk Bergverksmuseum kr 500 000 til eit toårig prosjekt for opprusting av magasin og registrering av gjenstandar, og Drammens Museum fekk kr 240 000 i støtte til innreiing av hovudmagasinet. Mellom dei 12 musea som har motteke i alt 1,5 millionar kroner i støtte til utstillingar, kan nemnast Trondarnes Distriktsmuseum i Harstad (kyrkjehistorie), Alta Museum (steinalder, tidleg metalltid og helleristningar), Setesdalsmuseet (lokale gjenstandar oppbevarte ved Norsk Folkemuseum) og Kunstindustrimuseet i Oslo (sølv).

## FAGBØKER

Talet på søknader om støtte til fagbøker av nasjonal verdi har auka mona-



Bilde frå kring 1920 av ein av dei første traktorane som kom til Rindal på Nordmøre. Til å trekke horven var no hesten bytta ut med hestekrefjer. Bak røttet sit Jon Larsson Gåsvatn (1886-1934).

Fotograf: Henrik Fjelle. Informant: Magnar Almberg  
Eigar: Rindal Bygdemuseum. Arkiv: Rindal kommune/FylkesFOTOarkivet

leg dei siste åra. I 1997 fekk i alt 18 bøker støtte. Det blei mellom anna gitt støtte til produksjon av bøkene «Norske slott, herregårder og gods» av Eva Valebrokk og Geir Thomas Risåsen, «Hagens historie» av Madeleine von Essen og «Lind i norsk natur og tradisjon» av Knut Nedkvitne og Johannes Gjerdåker. Vidare fekk Davvi Girji støtte til bokprosjektet «Så jaga dem oss fra heiman våres», som handlar om evakueringstragedien i nord under andre verdskri-

gen. Fylkesmuseet for Telemark og Grenland fekk støtte til nyutgiving av «Norskt Bondesylv» av Rikard Berge.

## TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE

I underkant av 2,8 millionar kroner gjekk i 1997 til tekniske og industrielle kulturminne. Norsk kulturråd samarbeider nært med Riksantikvaren på dette området. Eit representativt utval anlegg er plukka ut. Av enkelttiltak kan nemnast at Norsk Fiskerimuseum





# KULTURVERN

i 1997 fekk kr 300 000 i støtte til utstillingsprosjektet «Fra bunn til munn» ved Neptun Sildoljefabrikk. Vidare fekk Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter på Salhus kr 500 000 i støtte til sikring og tilrettelegging av museumsbygga, og Sjølingstad Uldvarefabrik fekk kr 300 000 i støtte til formidlingstiltak.

## Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 12 100 000
(1996)	kr 12 100 000)
<i>Tal på søknader</i>	257
(1996)	255)
<i>Samla søknadssum</i>	kr 83 764 688
(1996)	kr 65 598 140)

## Midlane blei nytta slik

Tilsegn for 1997	kr	1 194 000
Ekstraordinære tiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr	4 517 355
Andre kulturverntiltak	kr	6 388 645
Til saman	kr	12 100 000

*Posten Andre kulturverntiltak er nytta slik:*

Tekniske kulturminne	kr	2 780 000
Faglitteratur	kr	662 645
Foto, video og film	kr	390 000
Arkiv	kr	160 000
Andre tiltak	kr	3 196 000

*Sjå elles liste over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga.*



# BARNE- OG UNGDOMSKULTUR



Barne- og ungdomskultur er eit prioritert satsingsområde som omfattar både vaksenproduserte kulturtak for barn og unge, og kulturuttrykk av barn og unge. Arbeidet i Kulturrådet omfattar både større forsøksprosjekt, særskilde tiltak der det er dokumentert spesielle behov, og støtte til prosjekt etter søknad utanfrå. Det blir lagt vekt på at tiltak og prosjekt har overføringsverdi og er modellskapande.

## VIDAREFORMIDLING AV ERFARINGAR

I 1997 har rådet engasjert seg spesielt i arbeidet med å få til ei målretta for-

midling av dei erfaringar som er gjorde gjennom fleire nyleg avslutta utprøvingsprosjekt. Rådet har i det høvet gitt ut ei rekke evalueringsrapportar og meir handbokprega prosjektrapportar, både innanfor områda biletkunst, dans, musikk, kunstskolar for barn og unge og prosjekt for barn og unge innanfor musea.

Rådet har òg teke initiativet til å gjennomføre to konferansar. Konferansen ARS LONGA hadde kunstformidling til barn og unge som tema, og blei arrangert i høve avslutninga av Kulturrådet sine to store satsingar innanfor biletkunst og kunsthåndverk, «Pilotgalleriprosjektet» og «Videreføring av kunstskoleprosjektet». Konferansen blei gjennomført i samarbeid med Kulturdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, Riksutstillingar og

Akershus fylkeskommune. Vidare blei det halde ein avslutningskonferanse for det treårige prosjektet «Barn og unges dans». Målet med dette prosjektet har vore å stimulere interessa for dans blant barn og unge og få erfaring med korleis ulike danseaktivitetar kan bli organiserte i og utanfor skulen.

## SKULEGARDAR

Uforming av uteareala ved skulane har òg vore blinka ut for spesiell satsing i 1997. Rådet har gitt støtte til «Levande skule», eit treårig landsomfattande samarbeidsprosjekt mellom Noregs landbrukskole og Det norske hageselskap. Målet med prosjektet er å utvikle ny kunnskap og ulike døme på korleis skular kan forbetre uteareala sine, med vekt på at uterommet skal stimulere fantasi, kreativitet og nyfikne. Prosjektet får òg støtte frå Kyrkje-, utdannings- og

# BARNE- OG UNGDOMSKULTUR

forskningsdepartementet, Miljøvern-departementet, Landbruksdepartementet og Landbruksbanken.

## BARN, UNGE OG MEDIUM

«Medieverksteder for og med barn og unge» er eit treårig prosjekt som blei avslutta hausten 1997. Prosjektet er eit samarbeid mellom Kulturrådet, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Norsk Rikskringkasting. I alt seks medieverkstader har vore i drift sidan 1995: i Alta, Kautokeino, Vesterålen, Kristiansand, Holmlia og Ås/Ski. Prosjektstadene skulle vere modellar for andre som ønskjer å setje i gang liknande tiltak. Evalueringssrapport frå prosjektet blir ferdig våren 1998. Rådet sette hausten 1997 i gang eit samarbeid med Kyrkje-utdannings- og forskningsdepartementet, Kulturdepartementet, Barne- og familieldepartementet, Nasjonalt lære-

middelsenter og Østfold fylkeskommune om å arrangere ein nasjonal konferanse for å kaste lys på temaet barn og unge i medierøynda i dag. Konferansen skal haldast i april 1998 i Fredrikstad.

## FOKUS PÅ UNGDOM

Sjølv om mange av dei prosjekta Kulturrådet støttar, har definert både barn og unge som målgruppe, er det ofte slik at ein først og fremst når dei yngre aldersgruppene. «Springbrett-prosjektet: Ungdom, kultur og sysselsetting» blei avslutta i 1997 og har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Oslo kommune og Akershus fylkeskommune. Ungdom var deltakarar og målgruppe. Ei rekke tiltak har blitt sett i gang innanfor fleire kunst- og kulturmårlde.



Brørne Jon Kåre og Per Steinar Bjørlykke frå Haram på Sunnmøre i leik med modellbåt, ein liten kutter med kløver-, fokk- og storsegler. Bildet er frå kring 1925.

Fotograf: Elias Bjørlykke – Eigararkiv: FylkesFOTOarkivet



# BARNE- OG UNGDOMSKULTUR

---

Rådet tok i 1995 initiativ til et samarbeidsprosjekt med Riksteatret/Unge Riks. Målet med prosjektet «Teater for ungdom» har vore å formidle og produsere opne teaterframstyringar for ungdom i aldersgruppa 14-25 år. Det er lagt vekt på å utvikle eit alternativt arrangørnettverk, slik at teaterframstyringar skulle kunne nå så mange ungdomsmiljø som mogleg. I samarbeid med ulike frie teatermiljø har det vore produsert totalt to framstyringar i prosjektperioden. Framstyringane har turnert rundt om i dei fire prøvefylka som var valde ut til å delta i prosjektet. Prosjektet blei avslutta hausten 1997 og vil bli evaluert i 1998.

**KULTURYTRINGAR FRÅ BARN**  
Med støtte frå Norsk kulturråd har Norsk senter for barneforskning i samarbeid med Norsk folkemuseum, Universitetet i Bergen, Universitetet i

Trondheim og Telemarksforskning på Notodden arbeidd med å utvikle eit «Nasjonalt nettverk for dokumentasjon av barns kultur». Prøveprosjektet starta i 1994 og blei avslutta hausten 1997. Målet har vore å byggje opp eit nettverk for å samle inn og registrere kulturytringar frå barn. Prosjektet ville samstundes stimulere institusjonar, fagmiljø og privatpersonar med interesse for barnekultur til dokumentasjon, innsamling, forsking og formidling. Materialet er meint å formidle informasjon om barns kvardag. Det skal gi grunnlag for tverrfagleg forsking om samfunnsutvikling, og korleis ho påverkar oppvekst og uttrykksformer hjå barn. Evalueringrapporten frå prosjektet vil bli ferdig i 1998.

**NORDISKE PROSJEKT**  
Rådet har gitt støtte til ei nordisk ungdomskulturmönstring UNG I

**NORDEN.** Det første arrangementet gjekk føre seg i mai 1997 i Trondheim, parallelt med landsmönstringa for Ungdommens kulturmönstring. 250 ungdomar frå dei nordiske landa, sjølvstyrte regionar og samiske område deltok. Mönstringa hadde som mål å vere eit forum for utveksling av idear, opplevingar og kreativitet. Målet er å arrangere ei nordisk kulturmönstring annakvart år i dei ulike nordiske landa. Finland skal vere vertskap i 1999. Rådet har òg støttta prosjektet «Barn, ungdom og dans i Norden». Hovudformålet med prosjektet er å utvikle nye dansepædagogiske metodar til bruk i skulen. Prosjektet skal styrkje dansen si stilling i skulen ved å etablere eit nordisk nettverk, mellom anna gjennom dei pilotskulane som er valde ut i kvart nordisk land.



## BARNE- OG UNGDOMSKULTUR

### Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 7 650 000
(1996)	kr 7 500 000)
<i>Tal på søknader</i>	99
(1996)	117)
<i>Samla søknadssum</i>	kr 10 078 015
(1996)	kr 17 207 672)

### Midlane blei nytta slik

Barneblad	kr 315 000
Biletkunst	kr 1 128 000
Dans og teater	kr 1 276 500
Film og medium	kr 294 800
Litteratur	kr 140 000
Musikk	kr 289 500
Kulturvern og museumstiltak	kr 890 000
Arkitektur og omgivnader	kr 525 000
Fleirkulturelle tiltak	kr 636 650
Nordiske prosjekt	kr 418 250
Informasjon/formidling	kr 1 156 000
Andre prosjekt	kr 580 300
Til saman	kr 7 650 000

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.



# ARKITEKTUR OG OMGIVNADER



Norsk kulturråd har som mål å medverke til å forbetre kvaliteten på dei fysiske omgivnadene våre, og auke medvitet om korleis dei ser ut. Rådet skal stimulere til nyskaping gjennom å stimulere til auka bruk av fagfolk, støtte tverrfaglege prosjekt og støtte prosjekt som har overføringsverdi og er modellskapande. Rådet prioriterer opprusting av skulegardar og viktige sosiale møtestader i kjernen eller sentrum av byen eller tettstaden. Vidare prioritærer rådet tiltak der kunstnarar deltek i en heilskapleg prosess, og publikasjonar og formidling som medverkar til å styrkje rådet sine mål. Prosjekt med fleirkulturell vinkling og/eller økologisk vinkling blir òg prioriterte.

## «HUS PÅ VESTKYSTEN GJENNOM 4000 ÅR»

Denne vandreutstillinga var Norsk kulturråd si hovudsatsing i Kulturminneåret 1997, arrangert i samarbeid med Fortidsminneforeningen. Utstillinga blir synt fram ni stader langs kysten og tek for seg den norske atlanterhavskysten frå Lindesnes til Lofoten, med hovudvekt på kysten frå Agder til Møre.

## FASADEPLAN I FJØREVEGEN

Ein utarbeidd fasadeplan for Fjørevegen i Sogndal sentrum er gjennomført. Planen er basert på resultata av ein arkitektkonkurranse om fasadeplan for handlegata, som Norsk kulturråd støtta. Planen tek for seg fargebruk, materialeval, utforming og reklame. Prosjektet er eit godt døme på eit prosjekt som rådet vonar vil ha signaleffekt, og som kan auke interessa for byggjeskikk, bygningsmiljø og omgivnader.

## SIGBJØRN OBSTFELDERS PLESS

Prosjektet er vinnarutkast i ein lukka idékonkurranse om utforming av Sigbjørn Obstfelders plass i Stavanger i 1996. Siv.ark. Arne Henriksen, landskapsarkitekt Bjarne Aasen og biletkunstnar Laila Haugan står bak vinnarutkastet. Plassen ligg ved Domkyrkja, Byparken og Breiavatnet, der diktaren voks opp. Vinnarane ønskjer å forme ut ein plass som knyter bygningane rundt plassen betre saman, og som samstundes knyter plassrommet betre til dei by- og gaterom som ligg inntil. Eit brulagt skifergolv, ein parabelforma mur, eit podium for diktopplesing, eit bronsekar med roser, vassdyse og lyssetjingar nokre element i prosjektet.

# ARKITEKTUR OG OMGIVNADER

Bilde av eksterior i Kristiansund kring 1900.  
Det var tidlegare museumsstyrar Wilhelm Lund ved Nordmøre Museum, som rundt århundreskifet fekk fotograf Ole O. Ranheimseter til å dokumentere sentrale delar av bygningsmassen i byen.  
Fotograf: Ole O. Ranheimseter  
Arkiv: Norsk Folkemuseum/Nordmøre Museum

## BOKPROSJEKTET

### «NORSKE PLASSER»

Thomas Thiis-Evensen skal skrive innleiinga til boka, som framleis er under redigering. Ein samtale mellom Christian Norberg-Schulz og Arnfinn Bø-Rygg om staden og møteplassen er sentral i boka, saman med ein presentasjon av ti prosjekt støtta av Kulturrådet.

### NOREG LANGS VEGEN

#### – ESTETIKK PÅ REISA

Dette er eit treårig oppfølgingsprosjekt av «Fagert er landet? Kritiske reiseblikk på Norge» skrive av Ketil Kiran, som er eit samarbeid med Norsk Form. Målet er mellom anna å



dokumentere og formidle gode døme på estetisk og funksjonell kvalitetsheving av det visuelle miljøet. Gjennom pilotprosjekta og andre gode døme er ønsket å utvikle verktøy for å auke medvitet og kompetansen om det visuelle miljøet. Prosjektet er tverrfagleg i samarbeid med områda for kulturvern og biletkunst.

### RETTLEIAR FOR SØKJARAR

I 1997 blei det utarbeidd og produsert ein brosjyre til hjelp for søkerar til området Arkitektur og omgivnader. Brosjyren gir døme på ein stadanalyse, gir opplysningar om kva prosjekt som kan få støtte, og kva opplysningar søknaden må innehalde. Brosjyren blei send til alle kommunar og fylkeskommunar.





## ARKITEKTUR OG OMGIVNADER

### Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 2 500 000
I tillegg blei kr 150 000 omdisponerte frå eit tidlegare prosjekt.	
 (1996)	kr 2 500 000
I tillegg blei kr 300 000 omdisponerte frå eit anna prosjekt.)	
 <i>Tal på søknader</i>	61
 (1996)	63)
 <i>Samla søknadssum</i>	kr 20 552 454
 (1996)	kr 15 146 727)

### Midlane blei nytta slik

Tettstad- og byromsutvikling	kr 1 252 000
Skuleanlegg	kr 400 000
Kunstnarisk utsmykking av uteområde	kr 475 000
Publikasjonar og formidling	kr 443 000
Andre tiltak	kr 80 000
Til saman	kr 2 650 000

*Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.*

# KULTURBYGG



Norsk kulturråd har som målsetjing å medverke til å realisere nye lokale og regionale spesielle kulturbygg som museum, konserthus, teater, kunstgalleri og kunstforeiningsbygg. Sidan det er stor avstand mellom det behovet som eksisterer, og dei midlane rådet har til disposisjon, prioriterer rådet toppfinansiering av bygg som så kan utløyse andre midlar.

Sju kulturbygg fekk støtte i 1997: fem museum, eitt kunstgalleri og eitt anna kulturbygg. Løyvingane utløyste òg pengar frå andre etatar.

I 1997 gjekk dei største pottane til informasjonsbygget ved Lyngheisenteret på Lygra i Lindås og til

Akershus fylkeskommune, som bygde om og pussa opp Skedsmo gamle rådhus til nytt museumsbygg. Dei to byggja fekk høvesvis 1,772 og 2,5 millionar kroner.

**INFORMASJONSBYGG VED LYNGHEISENTERET PÅ LYGRA**  
Lyngheisenteret, økomuseet på Lurekalven i Nord-Hordaland, skal presentere det opphavlege og autentiske kulturlandskapet i kystsona.

Ideen er å verne landskapet og bygningane i landskapet gjennom aktiv bruk, skjøtsel gjennom økologisk orientert gardsdrift, samhandling med lokalsamfunnet og kultursamband innanfor det nordatlantiske kulturmrådet. Senteret skal gi forståing for og oppleving av landskapet, bygningane i landskapet, historia, økosystemet og ressursmiljøet.

## RETTLEIAR FOR SØKJARAR

For å betre informasjonen om Norsk kulturråds støtteordning for kulturbygg blei det utarbeidd og trykt opp ein informasjonsbrosjyre som inneheld informasjon om rådet, kven som gir støtte til kven, praktiske råd og krav til søknaden. Brosjyren blei send til alle kommunar og fylkeskommunar i byrjinga av 1998.





## Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 8 800 000
(1996)	kr 8 800 000

<i>Tal på søknader</i>	40
(1996)	38)

<i>Samla søknadssum</i>	kr 30 614 040
(1996)	kr 49 014 000)

## Midlane blei nytta slik

Museum	kr 2500 000
Kunstgalleri og kunstforeining	kr 300 000
Andre kulturbygg	kr 2 728 000
Rettleiar kultursøknader	kr 50 000
Til saman	kr 8 800 000

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.



Bilde frå 1946 av Arbeiderforeninga i Ålesund, sett frå sørvest. Bygningen er ein typisk representant for jugendstilen.

Fotograf: Ukjent • Eigararkiv: Aalesunds Museum

# KULTUR OG MEDIUM



Kultur og medium blei vedteke som satsingsområde frå 1994 til 1997. Siktemålet var å styrkje kulturen i medieutviklinga ved å vere med på å:

- auke kulturdelen og betre kulturdekninga i massemedia
- auke kvaliteten på det meir spesifikke kritikkstoffet
- stimulere til at nye medium blir nytta til å formidle kulturstoff på nye måtar, og til at dei blir tekne i bruk som kunstnarleg uttrykksmiddel
- auke kvaliteten på media som kulturuttrykk i seg sjølv.

Kulturrådet har til no konsentrert seg om større tiltak sområdet sjølv har teke initiativet til. I åra 1994-96 låg

fokus mykje på prosjekt som tok for seg kulturen i dei tradisjonelle massemedia, medan ein i 1997 har flytta merksemda over på nye medium/ny teknologi. Av saker som har vore sentrale i 1997, kan nemnast forsøksprosjektet «Kritikerakademiet», produksjonstilhøva for elektronisk basert biletkunst, planar for ei støtteordning for multimediu og utvikling av ei tverrfagleg tevling om kunst og ny teknologi.

## KRITIKERAKADEMIET

«Kritikerakademiet» er eit treårig samarbeidsprosjekt med Institutt for Journalistikk 1997-99, med kulturjournalistar og kunstnarar som målgruppe. I 1997 er første prosjekttår gjennomført, med kurs i filmkritikk og i litteraturkritikk, pluss kortkurs i teaterkritikk.

## ELEKTRONISK BASERT BILETKUNST

På initiativ frå fagleg utval for kultur og medium og fagleg utval for bilet-kunst og kunsthandverk er det gripe fatt i behovet for å gjere noko for produksjonstilhøva for elektronisk basert biletkunst. Rådet inviterte til seminar med aktuelle kunstmiljø i Trondheim i oktober, i samband med kunstmønstringa SCREENS, og har sidan oppnemnt ei arbeidsgruppe til å sjå på behov for tiltak.

## KUNST OG NY TEKNOLOGI

Norsk kulturråd gjorde i 1996 og 1997 framlegg om ei forsøksordning med støtte til multimediuverk/kunst og ny teknologi. Det er i 1997 arbeidd med utforming av ei slik ordning, og i statsbudsjettet for 1998 blei det vedteke ei støtteordning på 3 millionar over tre år, som vart lagd til Kulturrådet.





# KULTUR OG MEDIUM

VIRTUEL VIRKELIGHET OG TRADISJONELLE KUNSTFORMER  
Eit opplegg for ei større tevling med stikkord «Virtuell virkelighet og tradisjonelle kunstneriske uttrykksformer» er utarbeidd. Konkurransen skal gå føre seg i 1998, og vinnarprosjekta blir presenterte hausten 1999. Tanken er å oppmuntre til å prøve ut ny teknologi i tradisjonelle samanhengar, å stimulere til nytenking og vidareutvikling der fokus på teknologi vik til fordel for kunstnarleg utnytting av eigenarten til dei elektroniske media, og å stimulere til samarbeid på tvers av faggrensene.

## Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 1 000 000
(1996)	kr 1 000 000)

<i>Talet på søknader</i>	4
(1996)	4)

<i>Samla søknadssum</i>	kr 1 290 000
(1996)	kr 296 000)

## Midlane blei nytta slik

Tiltak etter søknad	kr 245 000
Eigeninitierte tiltak	kr 755 000
Til saman	kr 1 000 000

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.



Rekonstruert bilde av illegal radiolytting i Ålesund i 1945. Til venstre Atle Wiik Nedregård, som var sentral i motstandsverka på Sunnmøre.

Fotograf: Ukjent  
Eigararkiv: Aalesunds Museum, krigshistorisk avdeling

# KULTUR OG HELSE



«Kultur og helse» blei etablert som eige satsingsområde i Norsk kulturråd i mars 1995. I april 1996 blei alle kommunane i landet inviterte til å søkje om å få delta i eit nasjonalt, tre-årig forsøksprosjekt 1996-1999, og i juli same år blei det valt ut ein kommune/eitt prosjekt i kvart fylke. Forsøksprosjektet fekk seinare namnet «Kultur gir helse».

Den lokale forsøksverksemda i «Kultur gir helse» kom i gang for fullt i 1997. Det er tilsett prosjektleiar/-medarbeidar i alle prosjektkommunane. Finansieringstilskotet frå Kulturrådet til kommunane er øyremerkta prosjekt-

leiing, medan lokale aktivitetar og tiltak blir finansierte lokalt/regionalt. Kulturrådet har eit nært samarbeid med Sosial- og helsedepartementet om kultur- og helsesatsinga. Departementet driv òg si eiga forsøks- og utviklingsverksemd på området.

## VERDIGRUNNLAG FOR

### «KULTUR GIR HELSE»

Kultur spenner over eit vidt register av menneskeleg oppleving, utfalding og aktivitet, og rører ved både kropp og sjel, intellekt og kjensleliv. Det fremste kjennemerket ved kulturlivet er at det tek utgangspunkt i, og rettar merksomda mot, dei positive interessene og ressursane menneska har, og stimulerer det friske i oss. Det å ta del i meiningsfylte kulturaktivitetar medverkar såleis til å auke livskvalitet og motivasjon, kompetanse og interesser. Mange menneske er av ulike årsaker

ikkje aktivt med i kulturlivet. Dei verkemiddel som kultursektoren rår over, er særleg eigna til å imøtekome ulike behov og til å etablere sosiale fellesskap. Kultur i vid forstand verkar mobiliserande, stimulerande og integrerande, og løyer ut positive ressursar.

Ved å setje kultur, natur, miljø og helse inn i ein ny samanheng kan helse og menneskelege ressursar vurderast i eit vidare perspektiv enn det som det tradisjonelle helse- og sjukdomsomgrepet opnar for. Kulturelle aktivitetar og verkemiddel representerer difor viktige element i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Å skape tilgang til kulturlivet og ulike arenaer og møtestader blir ut frå dette ei sentral samfunnsoppgåve.



# KULTUR OG HELSE

## MÅLSETJINGAR

Hovudmålsetjinga med «Kultur gir helse» er å få lokalsamfunnet og kommunane til å gjere ein større innsats i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet, med basis i lokalt og regionalt kulturliv. Viktige delmål er følgjande:

- auke tilgangen til stimulerande kulturtilbod og -aktivitetar for menneske som har vanskeleg tilgang til dette
- auke tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid, i første rekke mellom kultursektoren og sosial- og helsesektoren
- mobilisere lokalbefolkninga og frivillig lags- og foreningsliv, og få dei til å medverke
- auke kunnskapar om samanhengane mellom kultur og helse med siktet på å gje politiske styresmakter sentralt



*Ein stupar i svevet ved badehuset på Stornesspiren i Ålesund. Bildet er tatt kring 1920.*

Fotograf: Ukjent • Eigararkiv: Ålesunds Museum

og lokalt eit best mogleg grunnlag for å gjennomføre framtidige tiltak i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet

## MÅLGRUPPER


Det er opp til kvar enkelt prosjekt-kommune å prioritere kva for målgrupper dei vil rette innsatsen mot i den lokale forsøksverksemda. Dei

gruppene som i særleg grad har blitt prioriterte, er menneske med psykiske og psykososiale lidingar og problem, med kroniske smertetilstandar, med ulike typar funksjons- eller utviklingshemming, sjuke/isolerte eldre, institusjonsbeboarar og innvandrarar og flyktningar.

## EVALUERING

Forsøksverksemda til Kulturrådet og Sosial- og helsedepartementet innanfor kultur og helse er ei omfattande satsing på eit lite utforska felt, og evalueringa vil truleg by på store faglege og metodiske utfordringar. Gjennom ei felles, nasjonal evaluering som kjem i gang i 1998, ønskjer Kulturrådet og departementet å dokumentere og gjere tydelege samanhengane mellom kultur og helse, mellom anna ved å få fram kva erfaringar brukarane har med tiltaka. Den nasjonale evalu-

# KULTUR OG HELSE



ringa vil i stor grad bygge på rapportar og eigenevaluering frå dei lokale prosjekta.

## PROSJEKTKOMMUNANE

Følgjande kommunar/bydelar tek del i forsøksprosjektet:

Østfold	Rygge
Akershus	Eidsvoll
Oslo	Bydel 1 Bygdøy
	Frogner
Hedmark	Ringsaker
Oppland	Søndre Land
Buskerud	Drammen
Vestfold	Borre
Telemark	Tinn
Aust-Agder	Arendal
Vest-Agder	Kristiansand

Rogaland	Eigersund
Hordaland	Askøy
Sogn og Fjordane	Førde
Møre og Romsdal	Sunndal
Sør-Trøndelag	Bjugn
Nord-Trøndelag	Steinkjer
Nordland	FYSAK-Nordland (interkommunalt)
Troms	Tromsø
Finnmark	Kárásjohka/ Karasjok

I tillegg kjem to samarbeidsprosjekt med Sosial- og helsedepartementet, nemleg Bydel 2 Uranienborg – Majorstua i Oslo og Levanger kommune i Nord-Trøndelag.

## SAMARBEIDSTILTAK OG INFORMASJON

I tilknyting til prosjektet «Kultur gir helse» har prosjektutvalet for kultur og helse i Kulturrådet fått i gang og viderført samarbeidstiltak og kontaktar

med ei rekke institusjonar, organisaasjonar og miljø dette året, som Den norske lægeforening, Den norske nasjonalkommisjon for UNESCO, Frivillighetens Samarbeidsorgan (FRISAM), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Kommunenes Sentralforbund, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norsk Kulturforum (NOKU), Nasjonalt senter for Natur, Kultur, Helse (NaKuHel), Nordisk Råds norske delegasjon, Rikskonsertane, Samarbeidsorganet for helsefremmende oppgaver (SOHO) ofl. Det har vore satsa målretta på informasjonstiltak og deltaking i seminar og konferansar sentralt og lokalt. Mellom anna stod Nordisk Råds norske delegasjon som arrangør av eit informasjonsseminar i Stortinget om kultur og helse 5. februar, der det blei gitt ein brei presentasjon av «Kultur gir helse».



# KULTUR OG HELSE



## NORDISK SAMARBEID

Norsk kulturråd overtok i 1997 samordningsansvaret for det uformelle (utanomparlamentariske) nordiske samarbeidet på området kultur og helse, som kom i gang i samband med ein nordisk konferanse i Helsingfors i september 1994. Ragna Berget

Jørgensen leiar i Kulturrådet sitt prosjektutval for kultur og helse, tok over som leiar i den nordiske arbeidsgruppa på området. I 1997 begynte ein å planlegge ein ny nordisk konferanse. Det blei vedteke at han skal haldast i Førde i juni 1998.

## FRIVILLIGPRISEN

Frivilligprisen blei oppretta i 1995 av Norsk kulturråd og Frivillighetens samarbeidsorgan, FRISAM, og blei i 1997 delt ut for tredje gong. Sjå næraare omtale under «Prisar».

## Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 5 066 700
(av dette kr 1 066 700 overførte frå 1996). I tillegg blei det gitt eit tilskott frå Sosial- og helsedepartementet på kr 650 000 til prioriterte kommunar i Kulturrådet sitt prosjekt «Kultur gir helse»	
(1996)	kr 4 000 000)

<i>Tal på søknader</i>	10
(ikkje medrekna kommuneprosjekta i «Kultur gir helse»)	
(1996)	101)

<i>Samla søknadssum</i>	kr 2 025 000
(ikkje medrekna kommuneprosjekta i «Kultur gir helse»)	
(1996)	kr 20 719 762)

## Løyvingar

Prosjektkommunane i «Kultur gir helse»: kr 4 719 700 Anna innvilga støtte blei gitt som tilsegn for 1997.

Sjå elles oversikt over løyvingar bak i årsmeldinga.



# SCENEKUNST



Kulturdepartementet vedtok 27. desember 1996 å legge om støtteordninga for fri scenekunst med verknad frå 1. januar 1998, og arbeidet med praktisk tilrettelegging av den nye ordninga og tilsettjing av scenekunstkonsulent har gått føre seg i 1997. Etter forslag frå Danse- og teatersentrum peikte rådet ut to personar til å assistere scenekunstkonsulenten. Desse er òg peika ut som medlemmer i fagleg utval for scenekunst.

Omlegginga ville føre med seg at den tidlegare søknadsfristen for driftsstøtte, 15. oktober, ville falle bort, sidan den nye ordninga berre gjeld prosjektstøtte med fristar 1. februar og 1. september. Etter ønske frå miljøet blei den første fristen derimot framskunda

til 15. oktober, slik at særleg grupper med driftsstøtte i 1997 skulle få signal for året etter. Rådet gjorde vedtak om løyvingar 2. desember.

**NORSK SCENEKUNSTBRUK**  
Formidlingsprosjektet «Norsk Scenekunstbruk» er ført vidare i fire fylke i 1997. Etter prioritering frå scenekunstutvalet sette Danse- og teatersentrum i gang prøveprosjektet i fylke med ulik teaterdekning: Aust-Agder, Oppland, Møre og Romsdal og Sør Trøndelag. Prosjektet har omfatta rettleiingsteneste til kulturkontor og etablering i alternative nettverk for formidling av scenekunst. Det er løyvd kr 360 000 pr år, altså kr 90 000 pr fylke til refusjon av honorar til gruppene. Dette prosjektet blir evaluert saman med prosjektet «Fabeldøgn» ved AvantGarden i Trondheim.

**DRAMABANKEN - MANUSBANK FOR DRAMATIKK PÅ NORSK**  
Søknaden om å setje i gang Dramabanken blei utsett på marsmøtet i rådet, fordi rådet ønskte at ein konsulent skulle sjå på budsjettala i utgreiinga. I løpet av året har det vore kontakt med Kopinor om eit samarbeid både når det gjeld lokalisering og kopiering. Som følgje av dette er budsjettet i eit tilleggsnotat mykje redusert, både når det gjeld etablering og drift.

Tilleggsarbeidet har gjort at det planlagde informasjonsseminaret om Dramabanken er utsett til 1998.

**SØKNADSBEHANDLING AV MUSIKKDRAMATISKE VERK**  
Behandling av søknader til musikk-dramatiske verk er problematisk på grunn av eksisterande praksis for



## SCENEKUNST

løyvingar til musikk og dramatikk, og manglande samsvar mellom desse løyvingane. Medan Norsk Komponistforening har tariffesta minstesatsar for «musikk av musikk-dramatisk og oratorisk karakter», har Norske Dramatikeres Forbund ikkje kategorisert tekstmateriale til ulike dramatikksjangrar. Kulturrådet har kontakta forbunda for vurdering av ulike samanstillingar av tekst og musikk og ulike modellar/kategoriar for innhald av musikk og tekst i musikkdramatisk verk. Fagleg utval for musikk vurderer å likestille utviklingsmidlar til komponistar med ordninga for dramatikkar.

### STØTTEORDNINGA TIL NY

### NORSK DRAMATIKK

Avsetjinga til ny norsk dramatikk var kr 1 250 000 i 1997.

Scenekunstutvalet har hittil sjølv vore



Bilde frå kveldsunderhaldning i «Arbeideren» i Ålesund 1913-1914. Dei åtte kvinnene i elegante rokokko-kostymar er frå Turnforeninga i byen.

Fotograf: Johannes Sponland • Eigararkiv: Aalesunds Museum

konsulentar på innkomne søknader om arbeids- og prosjektkontraktar. Grunna arbeidsmengda vil utvalet vurdere denne praksisen. Engasjementordninga blir nytta flittig.

Den budsjetterte avsetjinga måtte i år få midlar frå Andre formål og frå andre tiltak innanfor scenekunstavsetjinga, der fleire seminar med dramatikk som tema òg har fått støtte.

# SCENEKUNST



## KORTTIDSENGASJEMENT AV KOREOGRAFAR

Scenekunstutvalet har gjennomgått koreografiordninga, og har arbeidd med å tilpasse retningslinjene for ordninga betre. Gruppene har i stor grad oppfatta støtta som eit tilskott til honorar, sidan økonomien til dansegruppene sjeldan gir rom for eit regulært honorar til koreografen ved produksjon. Utvalet vil døype om det som tidlegare heitte prosjektkontrakt, til utviklingskontrakt for koreografi, og presiserer med det at det viktigaste er å kjøpe fri tid til utvikling.

Engasjementet kan opne for at koreografen sjølv vel kva for dansarar han vil bruke. Midlar tilsvarande ein månad kan bli tildelte til å løne dansarane.

## «KULTURKOBLERI»

Prosjektet «Kulturkobleriet» blei avslutta med framsyning av dei tre musikkteater-konsepta som dei kopla forfattarane og komponistane har utarbeidd dei siste par åra med midlar frå fondet. Som eit framhald av «Kulturkobleriet» går no Norsk Komponistforening saman med Den Norske Opera og Opera Vest i Bergen i prosjektet «Operatoriet», for å utvikle musikkdramatiske verk, og vidareutvikle norske komponistar og librettistars kompetanse på området. Fagleg utval for musikk og fagleg utval for litteratur initierte prosjektet etter at Den Norske Opera hadde opna Musikkteatret på Vestbanen. Då kom trøngan for ny norsk musikkdramatikk for ungdom til syne. Det sak-kunnige utvalet har bestått av Halldis Hoaas, Bjørn Kruse og Tor Fagerland, som er prosjektleiar for Musikkteatret. Utvalet kopla tre par dramatikarar/


librettistar og komponistar for å utvikle konsept heilt frå idéstadiet.

## NORDIC BLACK THEATRE

Nordic Black Theatre er også i 1997 støtta med midlar frå Kulturfondet, i alt 1,150 millionar kroner, til formidling av profesjonell scenekunst, men vil frå 1998 bli tilført midlar over statsbudsjettet.



# SCENEKUNST



## Året i tal

<i>Avsetjing 1997</i>	kr 3 600 000
(1996)	kr 3 300 000)
<i>Tal på søknader</i>	208
(1996)	168)
<i>Samla søknadssum</i>	24 578 607
(1996)	21 187 119)

## Midlane blei nytta slik

<i>Ny norsk dramatikk</i>	kr 1 553 200
<i>Koreografi</i>	kr 766 800
<i>Andre tiltak scenekunst</i>	kr 1 557 000
<i>Til saman</i>	kr 3 877 000

Avsetjinga er tilført kr 202 000 frå  
kto 9900 og kr 75 000 i omdisponerte midlar.

<i>Avsetjing til frie, sceniske grupper 1997</i>	kr 20 100 000
(1996)	kr 18 300 000)
<i>Tal på søknader</i>	405
(1996)	313)

<i>Samla søknadssum</i>	158 497 993
(1996)	105 683 735)

<i>Midlane blei nytta slik</i>	
<i>Driftsstøtte</i>	kr 13 900 000
<i>Produksjonsstøtte dans</i>	kr 2 357 000
<i>Produksjonsstøtte teater</i>	kr 3 843 000
<i>Til saman</i>	kr 20 100 000

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.



# ANDRE FORMÅL



Mange av søkerne som kjem inn til Norsk kulturråd, fell utanfor eller går på tvers av etablerte satsingsområde og støtteordningar. Difor har rådet ein eigen disposisjonspost for slike saker. Posten gjer det mogleg å prøve ut spennande tiltak og idear. Ofte er det dei søkerne som går på tvers av etablerte ordningar, som inneheld dei friskaste og viktigaste forslaga til korleis Kulturrådet kan gjere ein innsats.

**DET FLEIRKULTURELLE NOREG**  
Kulturrådet vedtok i 1997 å utvide si satsing på fleirkulturelt kunst- og kulturarbeid. I eit arbeidsnotat frå Utgreiingseininga, «Flerkulturelle tiltak i kultursektoren» gav Ellen Aslaksen eit oversyn over kva rådet har gjort på området dei siste fire åra, og kva andre

statlege institusjonar kjenner som sitt ansvar. Ho peikte likeins på ein del udekte område og på problem rundt vurdering av kunstuttrykk. På bakgrunn av dette notatet og etter ei studiereise til Canada la leiinga fram eit strateginotat for det fleirkulturelle programmet «Mosaikk». I St.meld. nr 47 (1996-97) «Kunstnarane» blir det òg annonsert at Norsk kulturråd er tiltenkt ei viktig rolle i åra framover når det gjeld å stimulere til auka engasjement og deltaking for alle medborgrar i kunst- og kulturlivet. Rådet har også engasjert seg i nett-verket «TAM-TAM» og planane for ei stor kulturmonstring hausten 1998, «Du store verden». Ei rekke organisasjoner og institusjonar, private og offentlege, som arbeider med internasjonal kulturutveksling mellom nord og sør og med fleirkulturelt kunst- og kulturarbeid i Noreg, står bak nettverket og monstringa. I 1997 kom Internasjonalt

Kultursenter og Museum (IKM), Oslo, inn som ein fast tilskottspost på statsbudsjettet etter fire år som prøveverksemد med tilskott frå mellom andre Norsk kulturfond.

## NY IBSEN-SATSING

I samband med at regjeringa sette ned ein eigen Ibsen-komit  med ansvar for   ta vare p  og fremje Ibsens arbeid, vedtok r det ei l yving for at alle handskrivne dokument fr  forfattaren skal kunne samlast inn. Det er naudsynt med vitjing b de i norske og utanlandske bibliotek og arkiv. Det ligg f re planar for ei ny tekstkritisk utg ve av alle Ibsens verk, og handskriftene vil vere s rs viktige i arbeidet med denne store utgivinga.

## KULTUR OG N RING

Norsk kulturr d og Statens n ring- og distriktsutviklingsfond (SND) har inng tt ei samarbeidsavtale som inne-



# ANDRE FORMÅL



ber at SND frå 1. mai 1997 har teke over det administrative ansvaret for programmet Kultur og næring. Samarbeidet skal førebels vare i to år. Målet med samarbeidet er å få fram gode prosjekt i grenseland mellom kultur og næringsliv, særleg reiseliv. Samarbeidet skal òg prøve å utnytte sjansane for betre kvalitet, marknadsoorientering og lønsemd som ligg i styrkt samarbeid mellom kommersielle reiselivsbedrifter og kultursektoren. Andre mål er å styrkje kulturell kvalitet og økonomisk verdiskaping hos dei bedriftene og institusjonane som opererer i samarbeidsfeltet kultur og næringsliv, og å gi folk innanfor dei to sektorane større forståing for fagområdet til den andre parten.

## ANDRE TILTAK

Andre større tiltak som fekk støtte i 1997, var mellom andre vandreutstillinga «Hus på vestkysten gjennom

4000 år», Kulturslottet Soria Moria, prosjektet «Norsk tradisjonsfisk» som synleggjer bruken av og kva som er mogleg når det gjeld tradisjonelt konserverte og foredla fiskeprodukt, og ei fagstilling for samisk kunstsamling ved De Samiske Samlinger i Karasjok.

## Året i tal

<i>Avsetjing</i> (1996)	kr 14 344 000 kr 10 668 000
<i>Tal på søknader</i> (1996)	148 122
<i>Samla søknadsbeløp</i> (1996)	kr 35 924 373 14 366 649
<i>Løyvd beløp</i>	kr 13 738 918

*Avsetjinga under Andre formål blir i mange tilfelle sett opp som løyingar under dei enkelte fagområda. Desse sakene er merkte spesielt i oversikta over løyingar bak i årsmeldinga.*



To omreisande fjøsmurunar på ein motorsykkel med v-motor og sidevogn. Bildet er frå Rindal ca 1930.

Fotograf: Henrik Fjelle

Eigararkiv: Rindal Bygdemuseum/  
Rindal kommune, FylkesFOTOarkivet



# UTGREIINGSEININGA



Utgreiingseininga i Kulturrådet blei oppretta i 1994 for å medverke til å skaffe fram kunnskap om virkefeltet for kulturpolitikken, med særleg vekt på ansvarsområde for Kulturrådet.

Utgreiingseininga har i 1997 omfatta ein saksbehandlar/utgreiar, ei rådgivingsgruppe av tre etablerte forskarar på konsulentbasis, og forskarar engasjerte som frilansarar med arbeidsplass i utgreiingseininga. Eininga blir styrt av utgreiingsutvalet i Kulturrådet, som har medlemmer frå Kulturrådet, Statistisk sentralbyrå og Noregs forskingsråd og med Kulturdepartementet som observatør. Dermed fungerer utvalet òg som eit kontaktorgan for kulturpolitisk forsking og

utgreiing. Utgreiingseininga utfører dels utgreiings- og evaluatingsarbeid sjølv, men i hovudsak blir eksterne forskarar og forskingsinstitusjonar engasjerte på prosjektbasis. Utgreiingseininga står her for koordinering og fagleg oppfølging av prosjekta. Initiativ til nye prosjekt kan anten kome frå Kulturrådet og det faglege utvalet, frå utgreiingseininga sjølv eller frå andre, i hovudsak Kulturdepartementet.

Utgreiingseininga har formulert fire målsetjingar:

- Utgreiing: Setje i verk utgreiingsarbeid av høg fagleg kvalitet innanforsentrale delar av norsk kulturliv.
- Evaluering: Sørgje for kontinuerleg evaluering av verksemda i Kulturrådet. Alle forsøk og satsingsområde i regi av Kulturrådet skal evaluerast. Alle faste støtteordningar

og faste budsjettavsetjingar skal evaluerast med nokre års mellomrom.

- Rådgiving for Kulturrådet:  
Medverke til kunnskap og refleksjon om aktuelle kulturpolitiske problemstillingar for rådet og administrasjonen.

- Formidling: Resultata frå utgreiings- og evaluatingsarbeidet skal formidlast til aktuelle fagmiljø og til allmenta.

## UTGREIING

Det viktigaste innsatsområdet i 1997 har vore utgreiingsarbeid om kunst- og kunstnarpolitiske spørsmål. Tre utgreiinger som blei sette i gang i 1996, blei fullførte: 1) ei utgreiing om unge kunstnarar under etablering, 2) ei utgreiing om arbeids- og formidlingsvilkår for frilanskunstnarar i scene- kunst og musikk , 3) ei utgreiing om



# UTGREIINGSEININGA

kunstpolitikk og desentralisering. Kvart prosjekt utgjer om lag eitt årsverk. Dei to sistnemnde prosjekta blei delfinansiert av Kulturdepartementet. Alle tre prosjekta er utførte internt i utgreiingseininga. Det blei engasjert ein utgreiar, og to av medlemmene i rådgivingsgruppa fekk utvida engasjement.

Utgreiinga om unge kunstnarar blei publisert i juni 1997, dei to siste blir publiserte i februar 1998. Av kunstnarpolitisk utgreiingsarbeid blei det òg utarbeidd eit arbeidsnotat om Regjeringa si kunstnarmelding og sett i gang evaluering av to større scene-kunstprosjekt («Prosjektsamarbeid: Teater for ungdom» og «Norsk scene-kunstbruk»).

Det andre viktige innsatsområdet har vore utgreiing om kulturpolitikk på lokalt og regionalt plan, og her blei det

sett i verk to prosjekt. For det første blei det starta ei utgreiing om den økonomiske og organisatoriske utviklinga i den kommunale og den fylkeskommunale kultursektoren i perioden 1991-96. Første fase av dette prosjektet er fullført, og omfattar ei undersøking av kommunale og fylkeskommunale utgifter til kulturformål 1991-95. For det andre er ei større utgreiing med tittelen «Ungdomskultur og lokal kulturpolitikk» under oppstart etter initiativ frå utvalet for barne- og ungdomskultur. Denne utgreiinga vil òg femne ei evaluering av det nasjonale kulturtiltaket Ungdommens kulturmönstring.

I tillegg er følgjande utgreiinger utførte i 1997: Ei utgreiing om fleirkulturelle tiltak i kultursektoren er utført internt i utgreiingseininga og ei utgreiing om statlege tiltak som støttar produksjon av nynorsk litteratur, er utført eks-



Bilde frå Eide på Nordmøre, tatt i 1944-45.  
Informanten kan fortelje at dei tre karane demonstrerer  
at dei har tobakk, ei vare det slett ikkje var enkelt å få  
tak i under krigen.

Fotograf: Peder Halaas. Informant: Kåre Øien  
Eigar: Eide Sogelag. Arkiv: FylkesFOTOarkivet

ternt. Det same gjeld ei utgreiing om produksjon og distribusjon av fonogram innanfor smale sjangrar, som blir fullført i mars 1998. Samla har det vore utført om lag 2 1/2 årsverk utgreiingsarbeid.



# UTGREIINGSEININGA



## EVALUERING

Alle fleirårige forsøk skal evaluerast eksternt av ein prosjektekstern utgreiar. Det blir òg lagt opp til at alle satsingsområda og støtteordningane til Kulturrådet skal gjennom regelmessig evaluering. Utgreiingseininga kan gjennomføre slike prosjekteksterne evalueringar i dei tilfella der det ikkje er grunn til å reise tvil om at Kulturrådet og utgreiingseininga er uavhengige i forhold til prosjektet. Eininga kan òg utføre mindre evalueringar av Kulturrådet si eiga verksemrd. Men i hovudsak blir evalueringar tinga frå eksterne utgreiarar. I desse tilfella assisterer utgreiingseininga med å utarbeide mandat, foridle kontakt med eigna utgreiar-/utgreiingsinstitusjon, utarbeide kontrakt og følgje opp, mellom anna med

kvalitetssikring av evalueringssrapporten. Utgreiingseininga har vore involvert i seks slike prosjekteksterne evalueringssarbeid som er avslutta i 1997 (og fire er publiserte i notatserien til Kulturrådet, sjå neste side), og ytterlegare ni evalueringar er sette i gang i 1997 og vil bli fullførte i 1998.

I 1997 er ein ferdig med å evaluere dei fire satsingsområda til Kulturrådet 1992-97 og ordningane med debutant- og utstyrssstøtte som er oppretta av Kulturdepartementet og Kulturrådet. Ytterlegare fem faste ordningar i regi av Kulturrådet er evaluerte, eller evaluering er sett i gang i 1997. Målet om å evaluere alle dei fleirårige prosjekta til rådet, og i nokon grad dei faste ordningane, er oppnådd for 1997. Når det gjeld andre prosjekt (over ein viss storleik), er det gjennomført interne evalueringar, og utgreiingseininga har her utforma fleire evalueringssopplegg.

## RÅDGIVING FOR KULTURRÅDET

Utgreiingseininga ønsker å vere ein kunnskapsressurs for administrasjonen, for rådet og dei faglege utvala. Ho skal medverke med sin kompetanse i forhold til konkrete prosjekt og med generell utgreiingsfagleg og kulturpolitisk kunnskap.

Utgreiingseininga har ført vidare ordninga med månadlege fagforum for administrasjonen i Kulturrådet i 1997. Vidare har eininga arrangert eitt dagsseminar for administrasjonen om Regjeringa si kunstnarmelding, og hjelpt til i planlegginga av programmet for årskonferansen i Kulturrådet. Utgreiingseininga har elles medverka med generell kulturpolitisk kompetanse i samband med ei rekke enkeltprosjekt (i tillegg til utgreiings- og evaluatingsprosjekta).



# PUBLIKASJONAR

---

Utgreiingseininga har ansvar for dei to publikasjonsseriane Notatserien og Rapportserien. Kulturrådet gir ut ein notatserie og ein rapportserie på eit høgt utgreiingsfagleg nivå. Rapportserien inneheld større utgreiingar som etter tema og kvalitet har brei interesse utanfor Kulturrådet. Notatserien inneheld mindre evalueringsarbeid, utgreiingar og kultur-politiske innspel. Bæ seriane blir distribuerte gratis til faste «abonnentar» (forskningsinstitusjonar og samarbeidspartar) og kan elles tingast. I 1997 har det vore tre utgivingar i rapport-serien på til saman 604 sider, og ti i notatserien på til saman 452 sider. I taler på utgivingar og sidetal er dette nesten ei fordobling i forhold til 1996.

Det har vore gjennomgåande høg kvalitet på publikasjonane. Dei to rapportane som er utførte internt av Ellen Aslaksen og Per Mangset, bør nemnast spesielt. Alle rapportane, og to av notata, har blitt distribuerte til massemassa og fått svært mange oppslag. Særleg Aslaksens rapport fekk brei medie-omtale og har medverka til debatt i fagmiljø.

Prosjektserien til Kulturrådet blei etablert våren 1996. I denne serien gir Norsk kulturråd ut rapportar, hefte og bøker som mellom anna dokumenterer ulike prosjekt, slik at erfaringane kan bli brukte andre stader.

## RAPPORTSERIEN

### *Rapport nr. 8*

Ung og lovende. 90-tallets unge kunstnere  
- erfaringer og arbeidsvilkår, 1997, 167 sider.

### *Rapport nr. 9*

Per Mangset: Kulturskiller i kultursamarbeid  
- Om norsk kultursamarbeid med utlandet, 1997, 362 sider.

### *Rapport nr. 10*

Knut Løyland: Produksjon av nynorsk litteratur  
- en vurdering av noen statlige virkemidler, 1997, 74 sider.

## NOTATSERIEN

### *Arbeidsnotat nr. 13*

Ellen K. Aslaksen: Evaluering av Kulturdepartementets utstillingsstipend for billedkunstnere, kunsthåndverkere og frie fotografer, og Norsk kulturråds debutant- og utstyrssstøtte, 1997, 43 sider.

### *Arbeidsnotat nr. 14:*

Nils Asle Bergsgard: Kunstscoleforsøket for barn og unge, 1994-96. En oppsummering av erfaringer, 1997, 30 sider.

### *Arbeidsnotat nr. 15*

Georg Arnestad og Ove Osland: Fritidskulturlivet i Norge  
- ein forstudie, 1997, 63 sider.

# PUBLIKASJONAR

---

## *Arbeidsnotat nr. 16*

Erling E. Guldbrandsen:

Evaluering av Oslo Sinfonietta, 1997, 89 sider.

## *Arbeidsnotat nr. 17*

Aslaksen, Bjørkås, Mangset, Rønning:

Om St meld nr 47 (1996-97) «Kunstnarane», 1997, 30 sider.

## *Arbeidsnotat nr. 18*

Mie Berg Simonsen:

Musikkdilla. Evaluering av et samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturråd, NRK og Rikskonsertene, 1997, 36 sider.

## *Arbeidsnotat nr. 19*

Ellen Aslaksen:

Flerkulturelle tiltak i kultursektoren, 1997, 46 sider.

## *Arbeidsnotat nr. 20*

Øivind Danielsen:

Kommunale og fylkeskommunale utgifter til kulturformål 1991-95, 1997, 48 sider.

## *Arbeidsnotat nr. 21*

Arnfinn Åslund:

Bjørnstjerne Bjørnson og norsk kulturpolitikk, 1997, 15 sider.

## *Arbeidsnotat nr. 22*

Sigurd Allern, Nils Asle Bergsgard og Brynjulf Eika:

Evaluering av tidsskriftet Kulturnytt, 1997, 48 sider.

## PROSJEKTSERIEN

Kulturrådets prosjektserie, nr 2:

Åse Enerstvedt: Barn, unge og museum

Kulturrådets prosjektserie, nr 3:

Knut Blomstrøm: Kunstimen



# ADMINISTRASJONSUTGIFTER

## UTVAL, UTGREIINGAR OG PUBLIKASJONAR

Til finansiering av utvalsarbeid (utanom honorar til medlemer og frittstående konsulentar) og trykking av publikasjonar blei det i 1997 sett av 2,2 mill kr (1996: 2,2 mill kr).

Desse midlane blei nytta slik:	Avsetjing 1997	Rekneskap 1997
Faste utval og konsulentar	1 400 000	1 460 354
Andre utval, utgreiingar o.l.	400 000	57 985
Trykking av publikasjonar	400 000	685 399
I alt	2 200 000	2 203 738

Avsetjinga til utval, utgreiingar og publikasjonar dekkjer først og fremst reise- og opphaldsutgifter til rådets faste og mellombelte utval, utgifter til utgreiingsarbeid og til trykking av publikasjonar. Honorar til utvalsmedlemer og konsulentar går over posten Løn og godtjersle.

## GENERELLE ADMINISTRASJONSUTGIFTER

Administrasjonsutgiftene er førté på særskilte postar i statsbudsjettet: Kapittel 320, postane 01 og 11.

(i 1000 kr)

Post 01 Løn og godtjersle	Tildeling 1997	Rekneskap 1997
01-1 Organiserte stillingar	5 207	4 887
01-2 Ekstrahjelp	550	534
01-7 Styre, råd, utval	4 020	3 333

Sum post 01 unnameke 01-8	9 777	8 754
01-8 Trygder, pensjon (14,1 pst)	1 379	1 234
Overført fr 1996, lønsregulering	596	
Planlagde innsparinger	(369)	
<u>Sum underpost 01</u>	<u>11 383</u>	<u>9 888</u>

(i 1000 kr)

Post 11 Varer og tenester	Tildeling 1997	Rekneskap 1997
11-1 Maskiner, inventar, utstyr	150	776
11-2 Forbruksmateriell	555	414
11-3 Reiseutgifter m.m.	690	629
11-4 Kontortenester	725	768
11-5 Møteutgifter	130	93
<u>Sum 11.1-5</u>	<u>2 250</u>	<u>2 680</u>
11-9 Drift av bygningar, lokaleige	2 850	2 734
Planlagt innsparing	(32)	
<u>Sum underpost 11</u>	<u>5 068</u>	<u>5 414</u>

Underforbruket på post 01 Løn og godtjering skuldast periodar med ubesette stillingar og mindre forbruk enn venta når det gjeld utvalsutgifter. 1997 var første året av ein ny rådsperiode, og såleis mindre prega av nye initiativ enn det som er venta resten av firersperioden.

Meirutgiftene under post 11 er knytt til investering og oppgradering når det gjeld datautstyr, m.a. som følgje av dei krav statens nye økonomireglement set til nytt økonomisystem og nye rekneskapsrutiner.

# ANNA VERKSEMD

## DELEGERTE FORVALTINGSOPPGÅVER

Frå 1. januar 1995 fekk Norsk kulturråd ansvaret for å forvalte visse statstilskot til faste kulturformål under kapittel 320 Allmenne kulturformål, kapittel 322 Biletkunst, kunsthandverk og design, kapittel 323 Musikkføremål og kapittel 324 Teater- og operaføremål.

Norsk kulturråd la fram tilråding om tildeling av statstilskot for 1998. Endeleg tildeling og utbetaling blei gjort av Kulturdepartementet.

Kap/post	Tilskotsmottakar	Kroner
320/79	Ungdommens kulturmønstring	1 700 000
320/79	Norske kirkeakademiers Fellesråd	1 250 000
320/79	Nordland Akademi for Kunst og Kultur, Melbu	850 000
320/79	Center for Afrikansk kulturformidling (CAK)	500 000
320/79	Norges Døveforbund, kulturarbeid	555 000
320/79	Kulturtiltak på Svalbard	115 000
322/79	Stiftelsen Atelier Nord	750 000
323/79	Norsk Folkemusikk Danselag	575 000
324/79	Danse- og teatersentrum	950 000
324/79	Norsk Barne- og Ungdomsteaterforum (ASSITEJ)	300 000
324/79	Norsk Revyfaglig Senter	1 228 000

## FRÅSEGNER

Ei svært viktig oppgåve for Norsk kulturråd er å vere rådgivar for staten i kulturspørsmål. Både Kulturdepartementet og andre departement og instansar kan be Kulturrådet om å uttale seg om særskilde saker. Rådet kan også gi fråsegner på eige initiativ. I 1997 har rådet uttalt seg om desse sakene:

- St.meld. nr. 47 (1996-97) «Kunstnarane»
- Bruk av Kaja-stillingar innanfor kulturområdet
- Endring av lov 12 mai nr 22 om universitet og høgskolar
- Rapport om etablering av Norsk Jazzforum

### ST.MELD. NR. 47

Kulturrådet kom med ei lengre fråsregn om Regjeringa si kunstnarmelding som blei lagd fram våren 1997. Fråsugna frå Kulturrådet har to hovuddelar, ein om det som gjeld Norsk kulturråd, og ein generell del om kunstnarpolitiske spørsmål. Kulturrådet har mellom anna peikt på følgjande problemstillingar som gjeld rådet sjølv: meir prosjektorientert støtte, tilhøva mellom Kulturrådet og det planlagde Statens kunsfond og nye hovudoppgåver som ein har tenkt å leggje til Norsk kulturråd i samband med dette, ny ordning for kunst og det fleirkulturelle samfunnet administrert av Norsk kulturråd, og styrking av Norsk kulturfond for å støtte nyvinnande prosjekt som gjeld bruk av informasjonsteknologi på kunstområdet.



# ANNA VERKSEMD

---

Når det gjeld generelle kunstnarpolitiske spørsmål, kommenterte rådet ulike konsekvensar av dei tiltaka som meldinga føreslår. Rådet kommenterte mellom anna følgjande moment: talet på kunstnarar, den låge inntekta til kunstnarane, situasjonen for unge kunstnarar, skilnader mellom kunstnargrupper, auka vekt på prosjektstøtte og skiping av Statens kunstfond. Fråsegna byggjer i nokon grad på materiale frå utgreiingseininga, som blir presentert i Kulturrådet sitt arbeidsnotat nr 17 Om St meld nr 47 (1996-97) «Kunstnarane».

## BRUK AV KAJA-STILLINGAR INNANFOR

### KULTUROMRÅDET

Rådet gav følgjande melding til Kommunal- og arbeidsdepartementet, Finansdepartementet og Kulturdepartementet:

Rådet vil peike på den positive effekten KAJA-ordninga har hatt for eit samla kulturliv. Spesielt på kulturvern- og museumssektoren har KAJA-ordninga vore nytta til å gjenomføre tiltak som det tidlegare ikkje var funne rom for innanfor tronge driftsbudsjet. Bruken av KAJA-stillingar til kulturformål har mellom anna medverka til å etablere alternative kunstgalleri innanfor biletkunstfeltet og til å heve aktivitetsnivået blant dei frie sceniske gruppene og deira organisasjoner.

Det er rådet sitt inntrykk at KAJA-stillingane innanfor kulturområdet i stor grad har vore nytta til å fylle eksisterande behov. Dette er arbeidsoppgåver som engasjerte

kunstnarar/kulturarbeidarar tidlegare utførte gjennom frivillig innsats utan godtgjersle, dersom nokon i det heile greip tak i dei. KAJA-stillingane har på mange måtar medverka til å systematisere arbeidsområde og vore med på å profesjonalisere verksemda innanfor dei ulike tiltaka.

Med ein etter lengta nedgang i arbeidsløysa fell KAJA-ordninga bort, og paradoksalt nok fører det til at mange kulturtiltak no mistar høvet til å halde oppe aktivitetsnivået dei har nådd. Bortfallet av KAJA-ordninga viser såleis at det er behov for å tilføre ressursar og stillingar til kulturområdet. Rådet tek difor til orde for å finne løysingar som gjer at ein kan ta vare på den positive effekten arbeidsmarknadstiltaka har hatt for kulturlivet i heile landet. Norsk kulturråd kan hjelpe til med underlagsmateriale til denne prosessen.

## STØTTENIVÅET TIL JAZZSJANGEREN OG LØYVINGAR FRÅ KULTURRÅDET TIL REGIONALE JAZZSENTER

I Kulturdepartementet sitt tildelingsbrev for 1997 til Norsk kulturråd ber departementet rådet om å «sjå nærmare på dei praktiske, økonomiske og organisatoriske sidene ved å styrke spelestadene for jazz». I budsjettproposisjonen for 1997 blir dette knytt til utgreiinga «Improvisasjon sett i system».

Kulturrådet har i si høyringsfråsegn til utgreiinga peikt på at jazzen må sikrast ein rettmessig plass innanfor norsk musikkliv. Rådet har synt spesielt til at det er behov arrangørutvikling og oppbygging av eit nettverk av spelestader.

## ANNA VERKSEMD

---

For 1997 har Kulturrådet motteke søknader om støtte til etablering og drift på til saman kr 3 650 000 frå tre regionale jazzsenter: Nord-, Midt- og Vest-Noreg. Planar for eit aust-norsk jazzsenter er òg lagde fram for rådet. Etableringstøtte av eit slikt omfang og støtte til alminneleg drift ligg utanfor ansvarsområdet og det som er mogleg for Kulturrådet.

Kulturrådet har løyvd kr 250 000 til kvar av dei tre søkerane, slik at dei kan få sett i gang strakstiltak og starte på oppgåver innanfor arrangørutvikling. Kulturrådet vil halde fram med å rapportere tilbake, særleg om bruk og samordning av allereie eksisterande ressursar.

Kulturrådet vil i denne samanheng igjen peike på behovet for eit langsigtig, høgare støttenivå til jazzsjangeren.

### FORSLAG TIL LOV OM ENDRING AV LOV OM UNIVERSITET OG HØGSKULAR.

Til forslag til lov om endring av lov 12. mai 1995 nr 22 om universitet og høgskular gav Kulturrådet følgjande høyringsfråsegn til ulike paragrafar:

#### § 1 nr 1

Norsk kulturråd samtykkjer i at kunsthøgskulane kjem opp som eigen kategori i lov om universitet og høgskular.

#### § 10

Rådet sluttar seg til at det er høgskulerådet som kan gi innstilling til departementet om at rektor blir tilsett på åremål.

#### § 11 nr 3

Rådet syner til høyringssvaret sitt frå januar 1996, som lyder: «Dersom Kirke-, utdannings- og forskningdepartementet ønsker at Norsk kulturråd skal ivareta innstillingsretten for eksterne styremedlemmer for de kunstfaglige høgskolene, vil rådet akseptere dette. Rådet har i denne omgang kun vurdert innstillingsretten, men den faglige del er vurdert av faglig utvalg for scenekunst og av administrasjonens saksbehandler for billedkunst, og oversendes uten særskilt behandling i rådet.»

#### § 14 nr 1

Rådet sluttar seg til tillegget i paragrafen, som lyder: «Ved kunsthøgskolene kan departementet etter innstilling fra institusjonens styre bestemme at leder ved avdeling skal tilsettes på åremål.»



# ANNA VERKSEMD

## KONFERANSAR

### ÅRSKONFERANSEN 1997

Kulturrådet sin årskonferanse hadde i år KYSTKULTUR som tittel og tema. Konferansen blei arrangert på Norsk Sjøfartsmuseum på Bygdøy i Oslo 3. og 4. desember, og samla om lag 200 deltakarar. Bakgrunnen for temaet var mellom anna at kystkultur var eit særleg aktuelt tema i Kulturminneåret 1997. Samstundes har Kulturrådet i lengre tid arbeidd med kystkultur, der innsatsen dei seinare åra i stor grad har vore retta mot skjeringspunktet mellom kulturvern og næringsutvikling.

### ANDRE KONFERANSAR OG SEMINAR

- «Mediekritikken - finnes den?», 18. september på Royal Christiania Hotell i Oslo. Initiativet kom frå Kulturrådet, medan Institutt for medier og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo var hovudarrangør og Kulturrådet medarrangør.

- Produksjonstilhøva for elektronisk basert biletkunst, 7. oktober på Kunsthakademiet i Trondheim

- I samband med avslutninga av Kulturrådet sine to store satsingar innanfor biletkunst og kunsthandverk, «Pilotgalleriprosjektet» og «Videreføring av kunstskoleprosjektet», tok rådet initiativet til arrangere ARS LONGA, ein konferanse med tema kunstformidling til barn og unge. Konferansen blei halden i april og var eit samarbeid mellom

Kulturdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Riksutstillingar og Akershus fylkeskommune.

- I april 1997 heldt Kulturrådet i samarbeid med Norsk senter for barneforskning ein avslutningskonferanse for det landsomfattande, treårige prosjektet «Barn og unges dans».

- 4. og 5. juni blei det halde eit idé- og diskusjonsmøte om kystkultur i Kalvåg i Sogn og Fjordane. Formålet med møtet var å diskutere kystkultur med fokus på dei problema som møter kystkulturarbeidarane i Noreg i dag. Bakgrunnen for møtet var ei generell oppfatning av at kystkulturen representerer verdiar som ikkje blir tilstrekkeleg tekne vare på. Kystkulturen utgjer dessutan ein ressurs når det gjeld gode og spennande opplevingar i frilufts- og reiselivssamanheng. Spesielt verdfull og interessant er kystkulturen for dei utanlandske turistane i Noreg, sidan mange stader ber med seg fleirkulturelle element. Kulturrådet har laga eit referat frå møtet.

- På «Kultur og helse»-området har det vore satsa målretta på informasjonstiltak og deltaking i seminar og konferansar sentralt og lokalt. Mellom anna stod Nordisk Råds norske delegasjon som arrangør av eit informasjonsseminar i Stortinget om kultur og helse 5. februar, der det blei gitt ein brei presentasjon av «Kultur gir helse».

# ANNA VERKSEMD

---

## PRISAR

### ÆRESPRisen

